

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 28. mai 2018
Tid: kl. 17.00 (NB)
Sted: Tysvær rådhus, Abelrommet, teknisk

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. offl.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert i sakene 10-12/18.

Saksliste:

9/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 27.02.18

10/18 Orientering frå administrasjonen – økonomisjefen

11/18 Orientering om kommunen sine innkjøpsrutinar

12/18 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2017

13/18 Selskapskontroll – rapport - Karmsund Havn IKS


14/18 Personvernlova- konsekvensar for kommunen

15/18 Referat- og orienteringssaker 28.05.18

Eventuelt

Aksdal, 22.05.18

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert, men rådmannen sjølv har meldt forfall)
Varamedlemmer (til orientering, unntatt Gjedrem som møter for Hellerslien)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	9/18
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 033	Arkivsak:

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 27.02.18

Vedlegg: Protokoll fra møtet 27.02.18

Saksorientering:

Utkast til protokoll fra kontrollutvalet sitt møte 27.02.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen, slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 27.02.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 22.05.18

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **27. februar 2018** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP), Åse Paulsen (A), Linda Ånderå Bokn (V) og Karsten A. Larsen (FrP)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS Forvaltningsrevisor Lene Davik Fjørtoft, KPMG, Bergen i sak 5/18
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigmund Lier (A)
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Arvid Vallestad Plansjef Linda Christine Olsen i sak 2/18 Personal- og org.sjef Kristin Helle i sak 3/18 Skulesjef Eli Krokedal i sak 4/18
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 14.11.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 14.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Utalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 14.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/17 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - PLANSJEFEN

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek plansjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Plansjef Linda Christine Olsen presenterte planavdelinga og deira arbeidsoppgåver. Den har 2,5 årsverk. Dei er ein del av rådmannens stab, men har kontorplasser på teknisk. Avdelinga kom i drift etter den nye organiseringa frå 2011, og som følgje av ny plan- og bygningslov i 2008 med meir krav til samla plan- og samfunnsutvikling. Næringsutvikling blir kjøpt fra Haugaland Vekst IKS.

Ho viste lysark der planprosessen for kommuneplanarbeidet (2015-2027) kom fram med mellom anna overordna strategiplan, kommunedelplaner, områdereguleringsplaner og temaplaner/-tverrsektorielle planer. Ho har også oppgåver innan beredskap og samfunnstryggleik. Ho skulle gjerne ha jobba meir med det, men prosjekt som Aksdalsutviklinga og Nedstrand 2020 hadde og ville ta mykje tid. Ho viste også til alle dei interne og eksterne samarbeidspartnerane dei samhandla med. Ved vegplanlegging blei det nytta konsulentar. Utvalet kom med spørsmål som ho svara på.

Utvalsleiar takka for orienteringa og han uttrykte forståing for at avdelinga var pressa med tanke på omfang av planar og tilmålte ressursar

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18:

Tysvær kontrollutval tek plansjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 3/18 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INTERNKONTROLL» - 2. GANG – NY STATUSRAPPORT

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport om internkontroll frå 2015 og rådmannen sin tilbakemelding om kommunens internkontrollsysteem pr. januar 2018 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Utvalsleiar var nøgd med at administrasjonen hadde komme mykje lenger no enn ved sist tilbakemelding, og at denne var betre enn ein sist gong. Det blei både frå leiar og personalsjef framheva at internkontroll er eit kontinuerleg arbeid. Personalsjef viste også til at neste steg var meir fokus på rapportering. I kommande tertialrapportering vil det bli tatt med eit punkt om internkontroll og forbettingsarbeid. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport om internkontroll frå 2015 og rådmannen sin tilbakemelding om kommunens internkontrollsysteem pr. januar 2018 til orientering.

**SAK 4/18 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT
«KVALITET PÅ OPPLÆRING I SKULANE»**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane» frå 2017 og rådmannen sin tilbakemelding om gjennomførte og planlagde tiltak i strategiplanen til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Utvalsleiar var ikkje så nøgd med denne tilbakemeldinga, då han sakna tilknytinga til tilrådingane i rapporten, og det var nytta ord som ikkje var lett å forstå for lekfolk. Skulesjefen sa seg lei for det. Ho viste til at fylkesmannen hadde hatt tilsyn i haust, og det var få merknader for dei aktuelle skulane. Ho viste til at ho hadde i tett oppfølging av rektorgruppa, som igjen skal munne ut i betre resultat. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane» frå 2017 og rådmannen sin tilbakemelding om gjennomførte og planlagde tiltak i strategiplanen til orientering.

**SAK 5/18 PROSJEKTMANDAT FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT
«INVESTERINGAR – AVGJERDSGRUNNLAG OG STYRING»**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane.

Ramma vert sett til 220 timer.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Forvaltningsrevisor Fjørtoft gjekk gjennom bakgrunn og formål med rapporten, framlegg til avgrensing og aktuelle problemstillingar. Aktuelle caseprosjekt blei presentert og utvalet bede om å velje blant dei. Utvalsleiar nemnde vegkryss-saka i Straumen som eit aktuelt prosjekt, spesielt i samband med problemstillingar rundt bruk av konsulentar. Utvalet drøfta prosjekta og revisor noterte seg Stølsberg/Stegaberg og VA-prosjekt.

Rådmannen støtta val av prosjekt og meinte dei hadde ein veg å gå innan dette feltet. Utvalsleiar ønskte ein statusrapport om arbeidet til det neste møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre.

Ramma vert sett til 220 timer.

SAK 6/18 DELTAKING I SELSKAPSKONTROLL- KARMSUND HAVN IKS

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Ramma er sett til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigardel.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Utvalet hadde ingen merknader og sluttet seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18:

Tysvær kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Ramma er sett til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigardel.

SAK 7 /18 ÅRSMELDING FOR 2017 FRÅ KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjener årsmelding for 2017.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2017 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Utvalseiar hadde i forkant av møtet gjort sekretær merksam på feil månad på side 4. Sekretær hadde retta feilen opp i ny versjon. Utvalet sluttet seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18:

Tysvær kontrollutval godkjener årsmelding for 2017.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2017 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 8/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.02.18

1. **Orientering v/ordførar** om formannskapssak 14/18 – «Internkontroll av barnevernet»
2. Kommunestyrevedtak 06.02.18, sak 16/18 – Forvaltningsrevisjon – «økonomistyring»
3. Statusrapport pr. februar 2018
4. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2017
5. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
6. Kontrollrapport 2017 vedk. skatteoppkrevjaren for Tysvær kommune
7. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2018

8. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes 30.11.17 v/Gjerde og Paulsen
9. Rapport frå Kontrollutvalskonferansen 7.- 8.02.18 på Gardermoen v/Paulsen
10. HIM IKS – protokoll frå representantskapsmøte 29.11.17
11. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 15.12.17
12. Invitasjon frå Forum for kontroll og tilsyn - FKT- konferanse 29.-30.05.18

Handsaming i kontrollutvalet 27.02.18:

Ordførar orienterte om bakgrunn for formannskapssaka. Han viste til mykje uro frå innbyggjarar før og etter nyttår knytt til sikring av barnets rett til omsorg og vern. Formannskapsvedtak i sak 14/18 ville bli lagt fram for kommunestyret 19.03.18, då det blei fremma mindretalsanke i møtet. Han og rådmannen hadde i forkant vore i møte med fylkesmannen og blei der råda til å gjennomføre ei internkontroll av barnevernet og dei samarbeidande tenestene. Eit uavhengig «ekspertutval» vil gjennomgå system og rutinar, samt velje ut nokre enkeltsaker. Ny barnevernslov er på trappene. Internkontrollen ville vere ein del av eit utviklingsarbeid. Mandat og økonomisk ramme vill bli presentert for kommunestyret i juni. Utvalet var samd i at dei tilsette hadde eit vanskeleg arbeid og det var viktig med å byggje tillit frå alle parter.

Sekretær gjorde så greie for dei andre sakene. Paulsen fortalte frå NKRF-konferansen, som også denne gongen hadde vore lærerik og interessant.

Interesserte til FKT-konferansen melder frå til sekretariatet. Neste møtedato blei drøfta og klokkeslett blei sett til kl. 17.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.02.18:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1 - 12 til orientering.

EVENTUELTT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Siste møte med rådmann Vallestad

Rådmannen opplyste at han har valt å gå av med pensjon frå april og at det var hans siste møte i kontrollutvalet. Han takka for seg og ønskte utvalet lukke til med det vidare arbeid. Utvalet takka tilbake og ønskte han ei fin tid framfor seg.

Neste møte: mandag 28. mai 2018, kl. 17.00

Aksdal, 27. februar 2018

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø
Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	10/18
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – ØKONOMISJEFEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 ein plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane i møta framover. Orienteringane var/er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Planen blei oversendt rådmannen og i brevet gjekk det fram at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte.

Personal- og organisasjonssjef Kristin Helle møtte i mai 2016, skulesjef Eli Krokedal i september og barnehagesjef Anne-Lise Myrvoll i november. Omsorgssjef Annbjørg Lunde møtte i februar 2017 og teknisk sjef Bjørn Bruaset i mai. I september 2017 møtte kultursjef Ingvar Frøyland og i november helse- og førebyggingssef Jorid Vea Isdahl. Til februarmøtet 2018 møtte plansjef Linda Christine Olsen.

Til dette møtet er det stabsfunksjonen økonomi som gjenstår. Sekretariatet har avtalt med økonomisjef **Tor Leif Helgesen** at han kommer og orienterer.

Frå kommunen sine nettsider under Stabsfunksjonar er Økonomikontoret presentert slik:

«Økonomikontoret er ei stabseining som har eit overordna ansvar for kommunen si økonomiforvalting. I dette ligg eit særleg ansvar for å legge til rette for ei best mogleg ressursutnytting i samsvar med gjeldande rammer, lovar og regelverk.

Økonomikontoret skal utarbeide gode rutinar og retningslinjer for kommunen sin økonomiforvalting.

Økonomikontoret skal bidra til at leiarar har tilstrekkeleg kompetanse til å ivareta sitt økonomiansvar. Økonomi drift skal gje råd til linja i spørsmål som gjeld budsjett og rekneskap.

Innkjøp skal hjelpe einingane i kommunen med alt frå rådgjeving til direkte deltaking i samband med gjennomføring av anskaffingar.

Løn har ansvar for utbetaling av rett løn til rett tid.

Leiar av økonomikontoret er Tor Leif Helgesen».

Det er rådmannen som vel om han også møter eller om Helgesen møter som representant for rådmannen. Det vil då også komme ein orienteringssak om kommunen sine innkjøp, i tillegg til handsaming av årsrekneskapen.

I neste møte er det ikkje planlagt nokon orienteringer, så dersom utvalet ønskjer det hadde det vore fint å få innspel på tema eller seksjon.

Utvalet blei i 2016 samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne komme med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg, slik at dei inviterte skal kunne førebu seg.

Sekretariatet har tidlegare bedt om at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står foran, herunder seie litt om følgjande punkter:

Generelt om arbeidsfeltet:

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi

Tanker om framtida:

- tenestebehov/tilbod – utfordringar/endringar
- kompetansebehov
- evaluering/utvikling

Kontroll og tilsyn:


- tidlegare forvaltningsrevisjonar og tilsyn
- I så fall, kva har desse ført til?

Dei innbudte har tilpassa si orientering til deira fag- og ansvarsområde.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek økonomisjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 22.05.18



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	11/18
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

ORIENTERING OM KOMMUNEN SINE INNKJØPSRUTINAR

Bakgrunn:

I protokoll fra kontrollutvalet sitt møte 14.11.17, under Eventuelt, er det protokollert følgjande:

34. Statusrapport

Etter planen vil plansjefen bli invitert til neste møte. Utvalsleiar spurte utvalet om det kunne vere av interesse å be om ei orientering om innkjøp. Utvalet støtta framleggjet. Utvalssekreter vil sjå om ein skal ha to orienteringar i neste møte eller ta orienteringa i mai.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17:

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om kommunens innkjøp – rutinar og samarbeid til neste møte eller maimøtet.

Til dette møtet vil innkjøpsansvarleg Anne Dagland fra Økonomikontoret komme og orientere om temaet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek tilbakemeldinga om kommunens innkjøprutinar og samarbeid med andre kommunar til orientering.

Aksdal, 22.05.18

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekreter

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	12/18
Formannskapet	05.06.18	
Kommunestyret	12.06.18	

Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 212	Arkivsak:
--	--------------------------	------------------

UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP FOR 2017

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** fra kontrollutvalet
2. Rekneskapen for 2017 (hovedoversyn for drift og investering og skjemaer)
3. Revisjonsmelding for 2017, dagsett 18.04.18
4. Økonomisjefen si økonomiske oversyn for 2017
5. Rådmannen sin årsberetning 2017, motteken 27.04.18
6. Notar nr 1-26

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følger framlegg til uttale, Tysvær kommune sin årsrekneskap for 2017 med notar og revisjonsmelding frå KPMG. Regnskapstala med økonomisk oversyn følgjer i sakskart, medan heile rekneskapen er i eige hefte. Forutan revisor, økonomisjef og leiar økonomi drift delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsregnskapet:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgj uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret. Uttalelsen avgis til kommunestyret..

Kopi av uttalelsen skal være formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet behandlar årsberetningen, men denne bør følgje med som vedlegg til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsberetninga og rekneskapen.

Administrasjonen har i år også lagt opp eit tidsløp slik at årsberetningen var ferdig i april.

Det er lovkrav at kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsberetning i det same møtet. I år er dato for kommunestyremøtet 12. juni. Årsrekneskapen vil bli vedteken etter innstilling frå formannskapet, som skal ha sitt møte 5. juni. Om årsrekneskap og årsmelding står det følgjande i forskrift § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avgjort av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/rapport) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Tysvær kommune sitt avgjorte årsrekneskap for 2017 og notar, revisjonsmeldinga, årsoppgjersbrevet, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen sin årsberetning.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit positivt **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringer) på 70,3 mill. kroner. Dette er 15 mill kr mindre enn opphavelege budsjett og nær 33 mill. kr meir enn revidert budsjett.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skyldast at driftsutgiftene viser 7,7 mill. kr meir forbrukt enn forventa, medan driftsinntektene auka med 34 mill. kr. (Rettes)

Netto driftsresultat er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnadjar. Netto driftsresultat i 2016, slik det vert ført i kommunerekneskapen pr 16.04.18, blei på **88,7 mill. kr**, mot budsjettet med 63,7 mill. kr. Det utgjer **8,4 %**, som er langt over anbefalt nivå for resultatmargin som teknisk beregningsutval meiner kommunane bør ligge på.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk beregningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør ligge på minimum 1,75 prosent. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2017 er dermed i år også vært langt øve TBU sitt anbefalte mål for tilfredstilende økonomisk handlingsrom.

Rekneskapstall for kommunane generelt viser også ein forbetring av driftsresultata frå året før. Betringa i driftsresultatet skyldast først og fremst den gode skatteveksten i kommunesektoren i siste del av året. Netto driftsresultata varierte på landsbasis frå pluss 30 % til minus 4 %. For Haugalandskommunane ligg snittet på 5 %, då med variasjon frå øve 8 % (Suldal og Tysvær) til 1,1 % (Sauda).

I fjar var det offisielle resultatet for Tysvær 9,2 %. Årets korrigerte driftsresultat ligg, etter fråtrekk for egedomsskatt til Bokn, i følgje økonomisjefen på 8,3 % (i fjar på 8,2 % korrigert).

Rådmannen forklarar Tysvær sin økonomi i 2017 slik:

Resultatutviklinga har vore svært positiv over tid, frå eit reelt driftsunderskott i 2007 på 6,9 mill. kroner (etter frådrag av momskompensasjon investeringar), til eit gradvis betra resultat, og opp til heile 99,1 mill. kroner (88,7 mill. kroner i økonomisk oversikt som ikkje har med seg fondsbruk og fondsavsetningar på resultatområda). Tilsvarande tal i 2016 var 88,3 (93,8) mill. kroner. Driftsmarginen er på 9 % (8,3 %).

Dett er eit resultat av stor vekst i egedomsskatteinntekter gjennom desse åra, og i dei siste åra også eit svært positivt rentebilete, men også svært viktig for resultatet er eit godt og systematisk arbeid med omstilling og sparing i tenestene over lang tid.

Det er arbeidd med å finna varige omstillingar i drifta og samstundes sikre best muleg kvalitet innanfor tilgjengelege ressursar. Det er gjort ein stor jobb i tenestene både med godt nok standardar og med å finne meir kostnadseffektive måtar å levere fortsatt gode tenester på.

Resultatet er heilt i toppsjiktet blant norske kommunar.

Kommunestyret har sagt at pengebruken framleis skal vere nøktern og ikkje minst berekraftig på lang sikt. Det betyr at vi må bruke det store handlingsrommet vi nå har i økonomien vår klok, til å rigge Tysvær kommune for framtida, og eit nntektsgrunnlag som vi ikkje kan rekne med blir like godt som i dag. Dette ser klart av vedtatt økonomiplan 201-2021.

Tala i økonomisk oversyn er ikkje dei same som i skjema 1 A (økonomisk oversyn - drift), då egedomsskatt samla er ført med kr 186,2 mill. kr, medan det i skjema 1 A er ført kr 178,2 mill. kr som netto inntekter. Differansen er 8 mill. kr eller 5,7 mill. kr som er egedomsskatten til Bokn kommune etter avtale.

Sum avsetjingar viser i skjema 1 A at det er avsett 127,8 mill. kr, medan bruk av avsetjingar er på 74 mill. kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 205 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 188 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskott)** på **kr 34.836**, eller nær **35 mill kr**. Det er desse tala som blir sendt til SSB og registrert i KOSTRA.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekke notar som skal vera med i rekneskapen. Notane, som er utarbeidde til rekneskapen i år, er dei same som i fjar og følger saka i vedlegg 6.

Årsberetning/årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsberetning som skal gje opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

I følgje lova er det krav om at rådmannen også skal skrive noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Også i år har rådmannen laga ei årsberetning som fyller dei krava som lova sett. Det er gjeve ei god framstilling av den økonomiske situasjonen, herunder også den store usikkerheitsfaktoren når det gjeld eigedomsskatten, litt om status for kommuneplanarbeidet, likestilling og diskriminering, og om arbeidet med internkontrollen og etikk.

Tidlegare handsaming i kontrollutvalet

I 2014 blei det etterlyst meir detaljert talmateriale, men det blei vist til at kommunestyret vedtek budsjettet på overordna nivå og at rekneskapen er sett opp på same vis.

Revisor hadde det året «rein» melding, men hadde fleire merknadene knytte til rutinar og manglande dokumentasjon. Utvalet sette frist for tilbakemelding. Økonomiavdelinga jobba så med rutinar/system og dokumentasjon, og dette viste att i rapport frå revisor i 2015. På bakgrunn av svara i møtet blei utvalet i 2016 samd i ikkje å sette frist for tilbakemelding.

I 2014 var det også debatt om «rett» driftsresultat-omgrep. Økonomisjefen meinte sekretariatet sin framlegg til uttale ville gje feil melding til politikarane om det økonomiske handlingsrommet. Revisor opplyste at han gav melding på grunnlag av tala frå Visma sitt økonomisystem og at det var desse tala som ville bli vidarerapportert til SSB.

Utvalet vart samd i at det i uttalen skulle skrivast: *x % eller korrigert netto driftsresultat med xx mill. kr, som utgjer x % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).*

Sidan 2014 har same formulering blitt tatt inn i uttalen og sekretariatet legg inn omtrent det same i år.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev/rapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisor har komme med såkalla rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at: *"Etter vår mening er årsrekneskapen som fylgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ein dekkande framstilling av Tysvær kommune si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoен i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg".*

Årsoppgjersbrev/rapport

Eit årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga.

Revisor har i år ikkje kome med noko årsoppgjersbrev.

Evt. årsoppgjersbrev/rapport, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet eventuelt må gjere etter forskrift § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på revisor sine eventuelle merknader i møtet.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må også vurdere om det er andre forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2017 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Aksdal, 22.05.18

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

Til
Tysvær kommunestyre

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2017

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 28.05.18, sak 12/18 handsama Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2017. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjetttopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, dagsett 16.04.18, revisjonsmeldinga, dagsett 18.04.18, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen si årsberetning for 2017. I tillegg har økonomisjef og revisor supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 34,8 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 88,7 mill. kr, som utgjer 8,4 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 8,3 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2017, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2017 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2017 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.17.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2017.

Aksdal, 28. mai 2018

Arne Gjerde
Utvalsleiar

Kopi: Formannskapet



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

16.04.2018

Økonomisk oversikt - drift

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjar
--	----------	---------------	---------------	-----------------

Driftsinntekter

Brukerbetalinger	31.438.459,44	32.923.486,00	33.401.537,00	32.484.774,19
Andre salgs- og leieinntekter	64.704.059,79	61.024.827,00	63.369.616,00	65.045.745,72
Overføringer med krav til motytelse	128.029.905,71	109.928.626,52	64.075.200,00	118.149.190,34
Rammetilskudd	322.570.712,02	320.800.000,00	320.800.000,00	319.652.198,00
Andre statlige overføringer	32.147.187,41	28.456.000,00	24.940.044,00	25.829.984,00
Andre overføringer	3.500,00	3.500,00	0,00	623.605,26
Skatt på inntekt og formue	279.974.579,73	270.500.000,00	270.500.000,00	263.999.755,80
Eiendomsskatt	186.217.942,00	188.000.000,00	188.000.000,00	186.145.595,50
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	1.045.086.346,10	1.011.636.439,52	965.086.397,00	1.011.930.848,81

Driftsutgifter

Lønnsutgifter	552.798.669,57	561.346.979,59	523.611.857,00	531.234.561,63
Sosiale utgifter	143.172.836,54	140.211.804,86	137.023.475,00	137.911.179,48
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	114.532.085,27	100.616.304,84	92.867.609,00	106.317.484,27
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	71.782.423,35	70.810.003,50	66.245.905,00	67.145.384,68
Overføringer	55.278.955,09	54.357.106,40	55.099.592,00	53.529.613,27
Avskrivninger	43.212.252,00	44.527.364,00	9.282.000,00	39.864.231,00
Fordelte utgifter	-6.053.923,73	-4.893.176,00	-4.808.000,00	-4.997.294,47
Sum driftsutgifter	974.723.298,09	966.976.387,19	879.322.438,00	931.005.159,86

Brutto driftsresultat

70.363.048,01	44.660.052,33	85.763.959,00	80.925.688,95
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

Finansinntekter

Renteinntekter og utbytte	20.808.165,22	14.700.000,00	14.700.000,00	18.248.704,97
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	2.623.982,05	2.300.000,00	2.300.000,00	2.435.432,35
Sum eksterne finansinntekter	23.432.147,27	17.000.000,00	17.000.000,00	20.684.137,32

Finansutgifter

Renteutgifter og låneomkostninger	17.207.662,15	17.250.750,00	17.250.000,00	18.616.900,36
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	31.071.598,00	31.000.000,00	31.000.000,00	28.999.880,00
Sum eksterne finansutgifter	48.279.260,15	48.250.750,00	48.250.000,00	47.616.780,36

Resultat eksterne finanstransaksjoner

-24.847.112,88	-31.250.750,00	-31.250.000,00	-26.932.643,04
-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Motpost avskrivninger

Netto driftsresultat	43.212.252,00	44.527.364,00	9.282.000,00	39.864.231,00
	88.728.187,13	57.936.666,33	63.795.959,00	93.857.276,91

Interne finanstransaksjoner

Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	50.986.312,84	50.986.312,00	0,00	15.189.851,82
Bruk av disposisjonsford	11.702.758,93	10.851.307,38	990.000,00	4.412.295,04
Bruk av bundne fond	11.282.468,09	11.154.817,50	4.563.326,00	6.029.713,03
Sum bruk av avsetninger	73.971.539,86	72.992.436,88	5.553.326,00	25.631.859,89

Overført til investeringsregnskapet

Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	17.414.480,42	17.414.480,00	38.473.000,00	8.782.941,83
Avsatt til disposisjonsford	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	104.779.894,05	107.987.921,21	30.763.379,00	56.464.277,52
Sum avsetninger	5.668.966,10	5.526.702,00	112.906,00	3.255.604,61
	127.863.340,57	130.929.103,21	69.349.285,00	68.502.823,96

Regnskapsmessig mer/mindreforbruk

34.836.386,42	0,00	0,00	50.986.312,84
----------------------	-------------	-------------	----------------------



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018
Rekneskapsskjema 1 A

16.04.2018

Inntektsoversyn med fordeling (tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Skatt på inntekt og formue	270500	279975	264000
Rammetilskott - innteksutj.	30500	30616	32400
Rammetilskott - innb.tilskudd	256300	256277	248600
Rammetilskott utgiftsutjamning	29000	28801	33800
Eigedomsskatt (netto)	179400	178259	177600
Skjønnsmidler (netto)	5000	6127	4400
Momskompensasjon drift	16500	18214	16500
Tap fordringar		1358	
Havbruksfondet		325	
Korrigering rammetilskott		2495	
Sum frie disponible inntekter	787200	802447	777300
Renteinntekter og utbytte	13500	19869	17000
Rente - og avdragkompeskompensasjon *	10800	9080	10300
Renteutgifter	-17250	-17210	-18500
Avdrag på lån	-31000	-31072	-29000
Netto finansutgifter	-23950	-19333	-20200
Dekning tidl. års underskott			
Avsett bundne fond			
Avsatt disposisjonsfond	-81449	-101846	-47000
Bruk av tidl.års overskott	50986	50986	15200
Bruk av bundne fond		900	
Bruk av ubundne fond			
Netto avsetjingar	-30463	-49960	-31800
Overført til investeringar - drift	-36073	-15472	-5500
Til fordeling	696 714	717 682	719 800
Overskott/underskott			
Avsatt tap på fordringar		-34837	-51000
Sum fordelt til resultatområder	696 714	682 845	668 800



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

16.04.2018

Rekneskapsskjema 1 B

Netto rammer resultat –områdene (tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Tilfordeling resultatområder (fra budsjettsskjema 1 A)			665800
Fordelt slik:			
Rådmannen sin stab	60733	60656	58500
Fellesutgifter	27341	25630	25100
Resultatområdet barnehage	101209	96855	92900
Resultatområdet skule	164980	164900	163400
Resultatområdet aktivitet og omsorg	115170	117488	113500
Resultatområdet helse og førebygging	144235	133270	129900
Resultatområdet kultur	24759	23791	25100
VAR-området	-17396	-16904	-13400
Resultatområdet teknisk	67785	69155	65700
Kyrkjeleg Fellesråd	7896	8004	8100
Sum fordelt resultatområder	696712	682845	668800



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

16.04.2018

Økonomisk oversikt - investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
--	----------	---------------	---------------	-----------------

Inntekter

Salg av driftsmidler og fast eiendom	16.633.520,00	0,00	2.000.000,00	1.763.734,00
Andre salgsinntekter	1.081.850,00	0,00	0,00	14.250,00
Overføringer med krav til mottelte	7.814.547,73	0,00	0,00	557.267,55
Kompensasjon for merverdiavgift	20.207.411,49	0,00	0,00	15.450.246,45
Statlige overføringer	933.000,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	11.762.883,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	58.433.212,22	0,00	2.000.000,00	17.785.498,00

Utgifter

Lønnsutgifter	4.600.045,57	6.455.000,00	6.455.000,00	4.504.808,60
Sosiale utgifter	1.188.848,10	0,00	0,00	1.113.026,23
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	177.687.821,30	146.483.000,00	165.568.000,00	142.352.867,10
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	66.016,00	0,00	0,00	500.000,00
Overføringer	21.473.957,49	0,00	0,00	16.332.613,00
Renteutgifter og omkostninger	281,32	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	205.916.969,78	152.938.000,00	172.023.000,00	164.803.314,93

Finanstransaksjoner

Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	7.430.487,91	15.000.000,00	15.000.000,00	11.086.000,00
Kjøp av aksjer og andeler	3.418.371,00	1.980.000,00	1.980.000,00	2.162.064,00
Dekning av tidligere års udekkt	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	18.509.405,69	0,00	0,00	6.169.585,00
Avsatt til bundne investeringsfond	12.056.518,37	3.000.000,00	3.000.000,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	41.414.782,97	19.980.000,00	19.980.000,00	19.417.649,00

Finansieringsbehov

187.998.540,53	172.918.000,00	190.003.000,00	166.435.465,93
-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Dekket slik:

Bruk av lån	74.318.519,74	84.930.000,00	128.930.000,00	126.712.873,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	4.208.195,37	0,00	0,00	4.087.064,10
Overført fra driftsregnskapet	17.414.480,42	17.414.480,42	36.073.000,00	8.782.941,83
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	78.596.209,00	57.115.621,58	0,00	3.135.887,00
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	25.000.000,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	13.461.136,00	13.457.898,00	0,00	23.716.700,00
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00

Sum finansiering

187.998.540,53	172.918.000,00	190.003.000,00	166.435.465,93
-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Udekkt/udisponert

0,00	0,00	0,00	0,00
-------------	-------------	-------------	-------------



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018
Rekneskapsskjema 2 A

16.04.2018

Investeringar med finansiering (tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Investeringar anleggsmidler	152938	205016	164803
Utlån	15000	7430	11086
Aksjekjøp	1980	3418	2162
Avdrag på utlån			
Avsetjingar	3000	30568	6170
Årets finansieringsbehov	172918	246430	184221
Bruk av lånemidler	84930	74318	126713
Mottatte avdrag utlån		4208	4087
Statlege overføringer		933	0
Salg av anleggsmidler		1082	
Sal næringareal/forskuttet sal			
Refusjonar			
Tilskott til investeringar			
Andre overføringer		11763	
Sum ekstern finansiering	84930	92304	130800
Refusjonar/overføringer		17814	557
Salg av driftsmidler og fast eigedom		6633	1764
Salg av aksjer			14
Overført fra driftsbudsjett	17414	17414	8783
Kompensasjon moms		20208	15450
Bruk av disposisjonsfond	57116	78596	3136
Bruk av ubundne investeringsfond	13458	13461	23717
Sum intern finansiering	87988	154126	53421
Sum finansiering	172918	246430	184221
Finansieringsbehov - finansiering			
Overskott/underskott	0	0	0



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

16.04.2018

Oversikt - balanse

Regnskap 2017 Regnskap 2016

EIENDELER		
Anleggsmidler	2.692.421.267,47	2.492.084.571,35
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	1.543.422.818,01	1.429.316.727,38
Uttyr, maskiner og transportmidler	32.478.200,36	27.608.319,36
Utlån	109.272.991,10	108.673.220,61
Konseminterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	52.583.624,00	49.165.253,00
Pensjonsmidler	954.663.634,00	877.321.051,00
 Omløpsmidler		
Herav:		
Kortsiktige fordringer	460.989.695,13	371.154.340,72
Konseminterne kortsiktige fordringer	82.670.985,89	96.910.621,41
Premieavvik	0,00	0,00
Aksjer og andeler	30.972.048,30	29.484.766,30
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	60.300.831,73	45.228.388,75
	287.045.829,21	199.530.564,26
 SUM EIENDELER	3.153.410.962,60	2.863.238.912,07

EGENKAPITAL OG GJELD

Egenkapital

733.381.063,88 634.134.317,73

Herav:		
Disposisjonsfond	138.237.769,87	116.808.518,15
Bundne driftsfond	14.141.809,73	19.755.312,32
Ubundne investeringsfond	13.773.542,55	15.673.597,86
Bundne investeringsfond	12.056.518,37	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	34.836.386,42	50.986.312,84
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	512.682.429,81	423.257.969,43
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	7.653.511,13	7.653.511,13
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves	-904,00	-904,00

Langsiktig gjeld

Herav:	2.240.104.834,00	2.093.511.118,00
Pensjonsforpliktelser	1.181.458.254,00	1.113.792.940,00
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	1.058.646.580,00	979.718.178,00
Konsemintern langsiktig gjeld	0,00	0,00

Kortsiktig gjeld

Herav:	179.925.064,72	135.593.476,34
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annен kortsiktig gjeld	176.214.043,72	132.134.099,34
Derivater	0,00	0,00
Konsemintern kortsiktig gjeld	0,00	0,00
Premieavvik	3.711.021,00	3.459.377,00

SUM EGENKAPITAL OG GJELD

3.153.410.962,60 2.863.238.912,07

MEMORIAKONTI

Memoriakonto	57.946.829,95	22.265.351,69
Herav:		
Ubrukte lå nemidler	57.946.829,95	22.265.351,69
Ubrukte konseminterne lå nemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto til memoriakontiene	-57.946.829,95	-22.265.351,69



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

16.04.2018

Aksdal 17. april 2018

Sigurd Eikje
Sigurd Eikje
Rådmann

Tor Leif Helgesen
Tor Leif Helgesen
Økonomisjef

Til kommunestyret i Tysvær kommune

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Tysvær kommune sin årsrekneskap som viser kr 717 682 393 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 34 836 386. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap og investeringsrekneskap og økonomiske oversiktar for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som fylgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ein dekkande framstilling av Tysvær komune si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoene, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar kommunen si årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnkap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gjev ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller fell som ikkje er tilskita.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskita. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor

Offices In:

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Oslo	Eieverum	Mo i Rana	Stord
Alt	Finnset	Molde	Straume
Arendal	Hamar	Skiens	Tromsø
Bergen	Haugesund	Sandefjord	Trondheim
Bodø	Knarvik	Sandnessjøen	Lynset
Drammen	Kristiansand	Stavanger	Alesund

rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjelder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på Interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningane som er utarbeidde av rådmannen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev ein dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og rådmannen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at rådmannen har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningane i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 18. april 2018
KPMG


Roald Stakland
Statsautorisert revisor

Vedlegg:

Hovudtabel 2017

I tabellen nedanfor er rekneskap 2017, justert budsjett 2017, saman med rekneskap 2016 lagt inn i tabellen. I tillegg er vedteken økonomiplan 2018 – 2021 lagt inn i tabellen.

Tall i millioner	Rekn.		Budsjett		Rekn.		Budsj.		Økonomiplan		
	2016	2017	2017	2018	2019	2020	2021				
Inntektsskatt	264,0	270,5	280,0	280,0	280,0	280,0	280,0				
Rammetilskott inntektsutj.	32,4	30,5	30,6	34,4	34,4	34,4	34,4				
Rammetilskott - Innbyggertilskudd	248,6	256,3	256,3	263,0	263,0	263,0	263,0				
Realvekst skatt og rammetilskudd					6,0	6,0	6,0				
Rammetilskott- utgiftsutjamning	33,8	29	28,8	29,2	29,2	29,2	29,2				
Skjønn	3,0	3,5	4,3	1,9	1,9	1,9	1,9				
Samla inntektssystemet	581,8	589,8	600,0	608,5	614,5	614,5	614,5				
Skjønn fra fylkesmann (skule)	1,4	1,5	1,8	1,5	1,5	1,5	1,5				
Rammetilskott - korrigert skule			2,5								
Havbruksfondet			0,3								
Eigedomsskatt	177,6	179,4	178,3	180,0	180,0	180,0	180,0				
Sum andre skattar og rammetilsk.	179,0	180,9	182,9	181,5	181,5	181,5	181,5				
Skatt og rammetilskott	760,8	770,7	782,9	790,0	796,0	796,0	796,0				

Resultatområda:

Driftsutgifter	-913,3	-933,3	-954,4	-894,3	-896,6	-897,9	-898,7
Driftsinntekter	244,5	236,5	271,7	189,5	195,5	200,3	204,6
Netto budsjettrammer resultatområda	-668,8	-696,8	-682,7	-704,8	-701,1	-697,6	-694,1

Herav samlet drift fordelt:

Rådmannen med stab

Driftsutgifter	-66,5	-64,7	-68,0	-61,8	-61,8	-61,8	-61,8
Driftsinntekter	8,0	4,0	7,3	2,1	2,1	2,1	2,1
Fellesutgifter	-58,5	-60,7	-60,7	-59,7	-59,7	-59,7	-59,7

Fellesutgifter

Driftsutgifter	-26,8	-27,7	-28,0	-37,1	-37,1	-37,1	-37,1
Driftsinntekter	1,7	0,4	2,4	0,3	0,3	0,3	0,3

	R 2016	B 2017	R 2017	B 2018			
Barnehage	-25,1	-27,3	-25,6	-36,8	-36,8	-36,8	-36,8
Driftsutgifter	-119,2	-128,3	-126,0	-115,6	-115,6	-115,6	-115,6
Driftsinntekter	26,3	27,1	29,2	17,1	17,1	17,1	17,1
	-92,9	-101,2	-96,8	-98,5	-98,5	-98,5	-98,5
Skule							
Driftsutgifter	-193,9	-193,3	-197,2	-183,4	-183,4	-183,4	-183,4
Driftsinntekter	30,5	28,3	32,3	20,7	20,7	20,7	20,7
	163,4	-165,0	-164,9	-162,7	-162,7	-162,7	-162,7
Aktivitet og omsorg							
Driftsutgifter	-136,4	-142,7	-146,7	-132,5	-132,5	-132,5	-132,5
Driftsinntekter	22,9	27,5	29,2	15,9	15,9	15,9	15,9
	113,5	-115,2	-117,5	-116,6	-116,6	-116,6	-116,6
Helse og førebygging							
Driftsutgifter	-202,7	-209,2	-209,7	-198,3	-198,3	-198,3	-198,3
Driftsinntekter	72,8	65,0	76,5	51,3	51,3	51,3	51,3
	129,9	-144,2	-133,2	-147,0	-147,0	-147,0	-147,0
Kultur							
Driftsutgifter	-38,2	-34,2	-38,7	-33,7	-33,7	-33,7	-33,7
Driftsinntekter	13,1	9,5	14,9	8,6	8,6	8,6	8,6
	-25,1	-24,7	-23,8	-25,1	-25,1	-25,1	-25,1
Teknisk							
Driftsutgifter	-91,8	-91,4	-96,1	-92,3	-92,3	-92,3	-92,3
Driftsinntekter	26,1	23,6	27,0	23,4	23,4	23,4	23,4
	-65,7	-67,8	-69,1	-68,9	-68,9	-68,9	-68,9
VAR							
Driftsutgifter	-29,7	-33,9	-36,0	-30,9	-33,2	-34,5	-35,3
Driftsinntekter	43,1	51,1	52,9	50,1	56,1	60,9	65,2
	13,4	17,2	16,9	19,2	22,9	26,4	29,9
Kyrkje							
Driftsutgifter	-8,1	-7,9	-8,0	-8,7	-8,7	-8,7	-8,7
Driftsinntekter	0	0	0	0	0	0	0
	-8,1	-7,9	-8,0	-8,7	-8,7	-8,7	-8,7
Netto budsjettrammer resultatområda	668,8	-696,8	-682,7	-704,8	-701,1	-697,6	-694,1
Momskompensasjon drift	16,5	16,5	18,2	16,5	16,5	16,5	16,5
Netto driftsrammer inkl. komp. moms	652,3	-680,3	-664,5	-688,3	-684,6	-681,1	-677,6
Nye driftstiltak 2018 - 2021					-6,9	-9,8	-10,7
Prisvekst 2018					-2,0	-2,0	-2,0
Statsbudsjettet 2018					-1,8	-1,8	-1,8
Realvekst 2018					-1,7	-1,7	-1,7
Realvekst 2019 - 2021 bruk					-4,5	-4,5	-4,5
Innsparing tillegg fra budsj. 2018					4,0	12,5	16,5
Netto rammer etter endring drift	652,3	-680,3	-664,5	-700,7	-700,4	-689,3	-679,6

	R 2016	B 2017	R 2017	B 2018			
Brutto driftsresultat	108,5	90,4	118,4	89,3	95,6	106,7	116,4
Kapitalutgifter/kapitalinntekter:							
Renteinntekter innskott/plassering	6,4	3,7	7,1	5,1	5,1	5,1	5,1
Aksjeutbytte/renter Haugaland Kraft	10,6	9,8	12,7	10,0	10,0	10,0	10,0
Kompensasjonsinntekter lån	10,3	10,8	9,1	8,9	8,9	8,9	8,9
Sum rentelinntekter og kompensasjon	27,3	24,3	28,9	24,0	24,0	24,0	24,0
Renteutgifter	-18,5	-17,3	-17,2	-20,0	-24,5	-30,0	-38,0
Samla avdrag	-29,0	-31,0	-31,0	-34,0	-39,0	-43,0	-47,0
Tilbakeført av driftsresultat	39,3	-24,8	-19,3	-30,8	-35,7	-32,9	-61,6
Netto driftsresultat	88,3	66,5	99,1	59,3	56,1	57,7	55,4
Bruk av driftsresultat:							
Tilbakeført avsatt tap fordring			2,3				
Avsett inv. og utv.fond	-33,1	-1,4	-3,0			-2,8	-23,8
Avsett disposisjonsfond	-28,2		-21,4				
Avsett rentesikringsfond	-5,0	-5,0	-5,0	-5,5	-6,0	-6,5	-7,0
Avsett eigedomskatt sikringsfond	-15,0	-22,5	-20,0	-20,0	-20,0	-20,0	-20,0
Avsett realverkst fond	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
Avsett investeringar frå drift	-5,5	-36,1	-15,5	-31,3	-28,6	-26,9	-3,1
Samla bruk av resultat	-88,3	-66,5	-64,1	-58,3	-56,1	-57,7	-55,4
Rekneskapsoverskott			35,0				

Brutto driftsresultat	108,5	90,4	118,4	89,3	95,6	106,7	116,4
Kapitalutgifter/kapitalinntekter:							
Renteinntekter Innskott/plassering	6,4	3,7	7,1	5,1	5,1	5,1	5,1
Aksjeutbytte/renter Haugaland Kraft	10,6	9,8	12,7	10,0	10,0	10,0	10,0
Kompensasjonsinntekter lån	10,3	10,8	9,1	8,9	8,9	8,9	8,9
Sum rentelinntekter og kompensasjon	27,3	24,3	28,9	24,0	24,0	24,0	24,0
Renteutgifter	-18,5	-17,3	-17,2	-20,0	-24,5	-30,0	-38,0
Samla avdrag	-29,0	-31,0	-31,0	-34,0	-39,0	-43,0	-47,0
Innslag i driftsresultatet	39,2	-24,0	-19,3	-30,0	39,5	-22,0	-51,0
Netto driftsresultat	88,3	66,5	99,1	59,3	56,1	57,7	55,4
Bruk av driftsresultat:							
Tilbakeført avsatt tap fondring			2,3				
Avsett inv. og utv.fond	-33,1	-1,4	-3,0			-2,8	-23,8
Avsett disposisjonsfond	-28,2		-21,4				
Avsett rentesikringsfond	-5,0	-5,0	-5,0	-5,5	-6,0	-6,5	-7,0
Avsett eide domsskatt sikringsfond	-15,0	-22,5	-20,0	-20,0	-20,0	-20,0	-20,0
Avsett realvekst fond	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
Avsett investeringar frå drift	-5,5	-36,1	-15,5	-31,3	-28,6	-26,9	-3,1
Samla bruk av resultat	-88,3	-66,5	-64,1	-58,3	-56,1	-57,7	-55,4
Rekneskapoverskott				35,0			

ÅRSBERETNING

2017



Årsberetning 2017

Tysvær Kommune

Innleiling

Rådmannen legg med dette fram årsberetning for rekneskapsåret 2017 med bakgrunn i kommunelova § 48 nr. 5 med gjeldande rekneskapsstandard- GKRS nr 6 punkt 3.3. Årsberetningen er meint å utfylla den informasjon som blir gjeven i sjølve årsrekneskapen med tilhøyrande noter.

Kommunelova § 48 nr. 5

I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.

Netto driftsresultat og rekneskapsmessig overskott

Netto driftsresultat viser kommunens resultat etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunen har disponibelt til avsetjingar til seinare bruk og som driftsoverføring til investering. Eit netto driftsresultat på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter er hovudindikatoren berekningsutvalet for kommunesektoren nyttar som mål for tilfredsstillande økonomisk handlingsrom i kommunane. Denne indikatoren gjeld frå 2014, og er redusert frå den tidlegare indikatoren på 3 % grunna endringar i rekneskapsreglar.

Ved budsjettering av rammer til resultatområda i Tysvær, blir det teke med både inntektsføring frå fond og avsetjing til fond dvs. at fond alltid er ein del av områda sine budsjetttramme vedteke av kommunestyret (kommunestyret sitt formelle budsjettvedtak på drift). Når rekneskaperen tilsvarande skal leggjast fram, er det i resultatområda sine netto budsjetttramme inkludert både avsetjingar til fond for seinare bruk, og finansieringar med fond av driftstiltak gjort i rekneskapsåret. Det er dette som då vert samanlikningspunktet mellom budsjett og rekneskap for kommunen i høve til korleis rammestyringen på resultatområdene har vore. I tillegg legges rapporten økonomisk oversikt fram, der finansieringar med fond og avsetjingar til fond ikkje er del av netto driftsresultat. Her vil det da bli eit avvik mellom det som ligg i denne økonomiske oversikt, og det som er vist fram som kommunens nettodriftsresultat i vedlagte økonomiske hovudoversyn som er offisiell rapport til politisk nivå i Tysvær. Dette er på den måten rapporteringa til politisk nivå har vore gjort her dei siste 25 åra. I oversyn over resultatet vist nedanfor, er resultat i økonomisk oversikt vist i parantes. Økonomisk oversikt legges elles alltid ved rekneskapsdokumentet.

Tysvær Kommune får i 2017 eit netto driftsresultat på 99,1 mill (88,7 mill. kroner) kroner, tilsvarande i 2016 var 88,3 mill. kroner (93,8 mill. kroner) mot opprinnelig budsjettet 66,5 mill. kroner. Dette gjev ein resultatmargin på heile 9 % (8,3 %) av brutto driftsinntekter (brutto samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter utgjer 1 102 mill. kroner i 2017), eft resultat som utvilsomt er heilt i toppen i landet. Resultatet i 2017 er då noko betre enn rekordresultatet frå 2016. Større overføringer frå Staten ved skatteutjamning, betre resultater på drift av tenestene og eit betre rentebilete er årsaker til betra resultat i høve til budsjett. Dette blir omtala seinare i årsberetningen. I budsjettvedtaket for 2017 blei

antatt resultat disponert til investeringar i 2017 og til fond for seinare disponering til eigenkapital investeringar slik :

- Realvekstfond	1,5 mill. kroner
- Investerings- og utviklingsfond	3 mill. kroner
- Rentesikringsfond	5 mill. kroner
- Eigedomsskatt – sikringsfond	20 mill. kroner
- Driftsmidler til investeringar brukt i 2017	15,5 mill. kroner
- Disposisjonsfond øyremerka investeringar 2017	21,5 mill. kroner

Disponeringar er gjort i samsvar med budsjettvedtaket.

Avviket positivt i forhold til opprinnelig vedtatt budsjett er på 35 mill. kroner, og er det rekneskapsmessige overskottet for kommunen. Overskottet skrив seg frå desse elementa:

- Skatt og rammetilskott	12,2 mill. kroner
- Overskott resultatområda	15,8 mill. kroner
- Kapitalutgifter netto	<u>4,5 mill. kroner</u>
Resultatforbetring	32,5 mill. kroner
- Inntektsført tap på fordringar	<u>2,5 mill. kroner</u> <u>Sum 35 mill. kroner</u>

Rekneskapsmessig overskot viser om kommunen samla har hatt budsjettmessig dekning for dei utgiftene kommunen har hatt, uavhengig av korleis dei er finansiert. Det viser meirinntekter/mindre utgifter utover det resultat som var budsjettet, og då etter at budsjetterte avsetjingar til fond og til driftsmidlar investeringar er gjennomført. I 2017 får altså Tysvær eit rekneskapsmessig overskott på heile 35 mill. kroner (51 mill. kroner i 2016). Det er dette overskottet som kommunestyret gjer vedtak om disponering av i juni 2018.

Månads- og tertialrapporteringa gjennom året viste betre driftsresultat enn det som var budsjettet ved kommunestyret sitt vedtak, men likevel vesentleg mindre enn det sluttresultatet viste. Siste prognose for sluttresultat for året var på rundt 75 -80 mill. kroner ved framlegg av budsjett for 2018.

Med bakgrunn i vedlagt Hovudtabell 2017 blir sentrale deler av rekneskapen for 2017 kommentert i årsberetningen.

Skatt og rammetilskott gjennom inntektssystemet

Skatt og rammetilskott gir samla ein pluss på 12,2 mill. kroner.

Tidleg på året såg det ut til at skatteinntektene i landet skulle bli litt svakare enn budsjett, men dette betra seg vesentleg mot slutten av året. Tysvær hadde som vanleg svært svak skattelinngang; 85,2 % (84,1 % i 2016) av landet, men veksten i 2017 var større for Tysvær enn for landet samla; 6,1 % mot landet 4,5 % (1,5 % vekst låg til grunn for landet i framlagt statsbudsjett for året 2017). Med landet sitt svært gode resultat i forhold til det som var lagt til grunn som vekst i statsbudsjettet, vart Tysvær gjennom inntektsutjamninga løfta til rundt 94,5 % av landet sin skattelinngang = 30,6 mill. kroner i inntektsutjamning. Samla for inntektsskatt og inntektsutjamning viser resultatet meirinntekter på 9,6 mill. kroner.

Berre 6 kommunar i Rogaland ligg lågare enn Tysvær i forhold til landsgjennomsnittet for skattelinngang (Utsira, Bokn, Sokndal, Lund, Hå og Karmøy). Skatteinntektene som er over 90 % av landsgjennomsnittet beheld kommunen 40 % av. Gjennom inntektsutjamningen blir Tysvær heva til 94,5 % av landet sin gjennomsnittlege skattelinngang. Og med så stor vekst for landet, blir Tysvær løfta opp til gode inntekter.

Rammetilskott (innbyggjartilskot og utgiftsutjamning) og skjønnsmidlar gir ei samla meirinntekt på 3,7 mill. kroner. Som ein kuriositet kan det nemnast at det i denne veksten også ligg kompensasjon for at det ikkje blei kommunesamanslåing med Bokn (Bokn ville ikkje og Tysvær er «ufrivitjug åleine»).

Tilskotet her på 825 000 kroner var ikke budsjettert. Vi fekk også første utbetaling fra Havbruksfondet på 325 000 kroner i 2017, og ventar sterkt aukande utbetalinger framover i tid.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt gir samla mindreinntekter i høve til budsjett på **1,7 mill. kroner**, men 0,7 mill. kroner meir enn i 2016.

Årsaka til noko lågare enn budsjett, er at det blei innbetalt mindre skatt ved at Naturkraft er lagt ned i 2017, og at skatt blei redusert frå ein skattytar etter klagehandsaming. Det er som nemnt viktig å gjera merksam på at eigedomsskattetakseringa pr. 1/1-2016 framleis er under klagehandsaming for dei største skattytarane StatOil og Gassco. Det knyter seg då uvisse til om det resultatet vi ser for 2017 blir det endelige, slik det også var for resultatet i 2016.

Omtakseringa pr. 1/1-2016 gav ein vesentleg vekst i eigedomsskatt. Del to store verksemndene som betalar eigedomsskatt, Gassco og StatOil, har påklaia den takst som er fastsett. Klagene er framleis under handsaming. I klagene blir det teke opp også punkter som kommunen og verksemndene har vore samde om ved tidlegare takseringar. Konsekvensen for kommunen om klagepunktia gjennom klagehandsaming og/eller rettsaker, kjem i favor av skattytar slik dei har skissert i klagepunktia, kan gi vesentlege inntektstap for kommunen. Del inntektene vi får her, og som då er del av kommunens særdeles gode resultat for året, må vi difor rekna som usikre inntil det ligg føre rettskraftige dommar av dei søksmåla som er varsle. Kommunen kan risikera å måtta betala tilbake skatt som nå er bokført som inntekt.

Overføring av eigedomsskatt til Bokn i samsvar med avtale, i 2017 var summen 5,7 mill. kroner, er teke med under eigedomsskattetakseringa, og det er då netto eigedomsskattinntekter som blir vist fram i hovudtabell, slik oppsettet alltid har vore.

Resultatområda – drift av tenesteproduksjonen

Samla driftsutgifter som anført i avsnitt nedanfor, inkluderer fondsavsetjingar på resultatområda sine ansvarsområder, medan samla driftsinntekter inkluderer finansiering med fond på resultatområda sine ansvarsområder. Samla driftsutgifter er eksklusiv avskrivinger.

Samla driftsutgifter for Tysvær utgjer 954,4 mill. kroner (913,3 mill. kroner i 2016); ein vekst på 4,5 %, medan driftsinntekter på resultatområda er 271,7 mill. kroner (244,5 mill. kroner i 2016); ein vekst på 11,1 %. Netto samla driftsutgifter er 682,7 mill. kroner (668,8 mill. kroner i 2016), ein vekst på 13,9 mill. kroner; 2,1 %. Samanlikning av eit år med eit anna kan vera litt krevjande, i og med at det vil liggja oppgåveendringar frå eit år til eit anna, som kan siå ut både på utgifts- og inntektssiden.

Bakom tala (dette framgår av vedlagte hovudtabell ved samanlikning budsjett og rekneskap for 2017) ligg det avvik isolert på utgiftssida, og avvik frå inntektssida på det som var budsjettert. Gjennomgang av desse vil krevja utfdjupande analyse, som ikkje er gjennomført når årsberetningen blir skriven. Det er viktig at meirutgifter og meirinntekter vi får i 2017, blir vurdert opp mot reell budsjettering for inneverande budsjettår 2018, og som kan gi grunnlag for endringar for budsjettarbeidet for 2019.

I tabellen er det einskilde område sett opp med rekneskapstal i høve til justert budsjett. Justert budsjett er nytta her i høve til avvik, fordi det er tilført midlar frå fellesutgifter til dekning av lønsutgifter som konsekvens av nytt lønsoppgjør. Oppsummert på netto driftsutgifter får vi desse tala:

Tal i mill. kroner

	Budsjett justert	Rekneskap	Avvik just. bud.
Rådmannen med stab	60,7	60,7	0
Fellesutgifter	27,3	25,6	1,7
Barnehage	101,2	96,8	4,4
Skule	165,0	164,9	0,1
Aktivitet og omsorg	115,2	117,5	-2,3
Helse og førebygging	144,2	133,2	11,0
Kultur	24,7	23,8	0,9
Teknisk	67,8	69,1	-1,3
VAR	-17,2	-16,9	-0,3
Kyrkja	7,9	8,0	-0,1
Samla netto drift	696,8	682,7	14,1
Momskompesasjon drift	-16,5	-18,2	1,7
Samla	680,3	664,5	15,8

Samla kjem tenestene ut med eit positivt resultat på 15,8 mill. kroner (16,9 mill. kroner i 2016 og 13,7 mill. kroner i pluss i 2015). Resultatområda utanom VAR-området får 16,1 mill. kroner i pluss. Samla er resultatet 2,4 % betre enn budsjett for resultatområda.

God økonomistyring i områda, samt at vi også får eit klart betra inntektsbilde med auka kostnadsrefusjon frå Staten i resultatområde helse og førebygging, gjer at resultatet samla blir svært positivt. Barnehageområdet kjem også svært positivt ut dette året.

Inntektsposten momskompensasjon gjev noko høgare inntekter enn budsjettet. Dette er kompensasjon for kjøp av varer og tenester som blir utgiftsført på resultatområda; Inntekten har auka frå 16,5 mill. kroner i 2016 til 18,2 mill. kroner i 2017; dette vil innebera litt sterkare vekst i reine driftsutgifter enn det som har vore status dei siste åra. Deler av denne vekst vil likevel vera dekkja opp med tilsvarende inntekter.

I tabellane er det for resultatområda tatt med inntektsføring frå fond og utgiftsføring til fond. Dette påverkar da resultatet for områda slik det skal.

I det etterfylgjande blir resultatområda gjennomgått med fokus på økonomisk utvikling og status siste rekneskapsår. For resultatområda elles, med større fokus på tenesteutvikling, blir det vist til utdypande kommentarar gitt i kommunen sin samla årsmelding, som blir lagt fram for kommunestyret som sak parallelt med handsaming av rekneskap og årsberetning i juni 2018.

Stab og politisk styring

Stab og politisk styring kjem ut i samsvar med budsjett.

I samla resultat for stab og politisk styring ligg innsparing gjennom vedtatt ordinær spareplan. I tillegg ligg det ikke ekstra budsjettet innsparing på 1,5 mill. kroner. Området har dei siste åra klart å koma positivt ut, sjølv med dei innsparingsmål som er sett. Innsparingsmål er nådd ved i hovudsak vakanser i stillinger, samt at det ikkje blir teigd inn personalressursar ved sjukferd.

Fellesutgifter

På fellesutgifter ligger i utgangspunktet lønsreserven som skal dekka opp lønsutviklinga i budsjettåret. Når lønsoppgjernet er kjent blir summar overført fra dette området til resultatområda for å dekka opp meirutgifter. På fellesutgifter ligger også midlar til å dekka opp pensjonsoppgjernet. På lønsreserve og pensjon kjem kommunen noko betre ut enn budsjett, og dette er hovudårsak til mindre utgifter enn budsjett her.

Barnehage

Barnehage kjem ut med eit positivt driftsresultat på heile 4,4 mill. kroner (2,5 mill. kroner i 2016).

Resultatet er blitt betre enn meldt i tertialrapporteringa grunna vesentleg underforbruk av utgifter utanom løn samt høgare inntekter knytt til flyktninger enn forventa. Særleg tenesta styrka tilbod til førskuleborn kjem ut med eit markert underforbruk i høve til budsjettet. Denne tenesta fikk eit mindreforbruk i høve til budsjettet på 2,7 mill. kroner. Innan den ordinære barnehagedrifta har det blitt brukt 2,2 mill. kroner mindre enn budsjettet til lønsutgifter.

Resultatområdet har gjennomført fleire tiltak for å effektivisere drifta i barnehagane.

Innsparingskravet skulle bli gjort ved å fortsette arbeidet med å utvide barnehagane og erstatte små barnehagar med større einingar. Resultatområdet har ingen annan plan for innsparing, men har eit bevisst forhold til å klare kravet ved å innfri føresetningane i ramma.

Skule

Skule kjem ut med eit positivt driftsresultat på 0,1 mill. kroner (1,2 mill. kroner i 2016).

Skulane i Tysvær driv godt når ein vurderer læringsresultat på bakgrunn av pålagde og krevjande innsparinger. Sparetiltaka har i stor grad vore gjennomførte ved stillingsreduksjonar. Noko av sparingsa i 2017 er gjennomført ved ny konverteringsfaktor mellom lærartimar og timer til miljøarbeidar/fagarbeidar/assistent. TOS har eit underforbruk på 500 000 i forhold til budsjett, men eit meirforbruk i forhold til 2016 på 450 000 kroner. Skuleskyss ligg på budsjett, og likt med 2016. SFO hadde eit overforbruk på 500 000 kroner i forhold til budsjett. Det kjem av at det er færre elevar som nyttar seg av SFO tilboden, og prisen på SFO vart satt ned. Forskjellen mellom 2016 og 2017 er på 450 000 kroner.

Det er overført 650 000 kroner frå drift til investering til digitale talver.

Rammetimetalet for skuleåret 2017/2018 er totalt på 3235 timer. Dette er ei auke på 49 frå førre skuleår. Auken er grunna auke i timer til fosterbarn og øyremerka midlar høgare lærartettleik på 1-4 klasse. Frå hausten 2016 fekk Tysvær kommune 1,8 mill. kroner i øyremerka midlar til auka lærartettleik 1. – 4. klasse, og tiltaket er i 2017 auka til 2,5 mill. kroner.

Aktivitet og omsorg

Aktivt og omsorg kjem ut med eit negativt resultat i høve til budsjett på 2,3 mill. kroner.

I dette underskotet ligg udekka innsparingskrav på 1 mill. kroner. Meirforbruket ligg både på høgare lønsutgifter og høgare forbrukspostar, ved høgare behov for tiltak enn forventa. Det er gjennomført ei stor omorganisering, frå sterkt institusjonsbasert til meir helmebasert omsorg, og området er gjennom det vesentleg betre rusta til å møte stor behovsauke i åra som kjem, og det blir arbeidd aktivt med tiltak for å nå sparekrava som er satt.

Helse og førebygging

Helse og førebygging kjem ut med eit positivt resultat på heile 11 mill. kroner (tilsvarende i 2016 var eit positivt resultat på 8,3 mill. kroner).

Av resultatet skriv 4 mill. seg frå høgare inntekter enn budsjett, og 7 mill. kroner på mindreforbruk på tenestene.

Seksjon butiltak hadde eit positivt resultat på 2,5 mill. kroner. Bakgrunnen er reduserte lønnsutgifter, sjølv om aktiviteten i seksjonen har auka.

Barneverntenesta hadde eit positivt resultat på 1 mill. kroner. Dette skuldast at det var mindre institusjonsplasseringar i siste kvartal enn tidligare på året.

PPT hadde eit positivt resultat på 1,1 mill. kroner. Dette skuldast at det ikkje ver tilsatt i ledige stillingar og at det i liten grad vert tatt inn vikarar. Det kjem at av det er vanskelig å få tak i den kompetansen som er etterspurtt. Tenesta har høgt arbeidspress og problem med å halde fristar for sakshandsaming.

Psykisk helse hadde eit positivt resultat på 1 mill. kroner, det skuldast reduserte lønnsutgifter og mindre vikarbruk.

NAV hadde overforbruk på økonomisk sosialhjelp på 500 000 kroner.

Tysvær Vepro hadde eit overforbruk på 400 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak auke i dagtilbodet.

Flyktningmottak: Flyktningtenesta hadde eit overskot på 2,4 mill. kroner. Det var ikkje budsjettert for familieinnvandring.

Legestenestene har eit mindreforbruk på 1 mill. kroner. Det skuldast at utbetalingane til fastlegane vart mindre enn budsjettert, og at utbetaling til den interkommunale legevakta vart mindre enn budsjettert..

Kultur

Kultur kjem ut med eit positivt resultat på 0,9 mill. kroner.

Rekneskapen viser overskott. Mykje av overskottet er knytta til idrett der ein bevisst har spart midlar med ønske om å kunna overføra deler av overskottet til 2018 for å skifta lys på idrettsanlegga til ledlys. Det har også vore eit godt inntektsår for kulturhus og badeanlegg. Inntektene utgjer 38,5% (2016: 34,3%) av brutto utgifter.

Teknisk

Resultatområdet teknisk fekk eit budsjettunderskot på 1,3 millionar kroner i 2017.

Resultatet er noko betre enn det som var meldt i tertialrapporteringa. At resultatet vart noko betre enn tidlegare meldt, kjem mellom anna av lågare utgifter til straum og renovasjon enn tidlegare forventa. Underskotet for 2017 knyter seg til bygningsdrifta og vintervedlikehald.

VAR-området

Var-området går ut med eit budsjettunderskot på 0,3 mill. kroner.

Det er lågare kostnader enn budsjettet til kalkulatoriske kostnader og avskrivningar som gjer at VAR-området kjem ut med eit lite budsjettunderskot. Var-området er sjølvkostområde, og regnskapsmessig vil det vera små avvik frå år til år. Er det underskott eit år, må området tilførast midlar frå sjølvkostfondet. I sjølvkostrekneskapen for 2017 har det blitt store underskot både for vatn og avlaup. Samla gjekk desse to sjølvkostrekneskapene med eit underskot på 8,6 mill. kroner. Grunna høge behaldningar på sjølvkostfonda, var det samla budsjettet med underskot på 4,7 mill. kroner for sjølvkostenestene vatn og avlaup i 2017. Mindre vatnforbruk og difor lågare inntekter grunna lekkasjetetting ved Statoil Kårstø, høgare driftskostnader enn kva som var budsjettet samt høgare kalkulatoriske renter enn kva som var budsjettet gjer at underskota har blitt høgare enn planlagt.

Særleg har nye Tysvær reinseanlegg medført høyare kostnader enn budsjettet. Underskota i sjølvkostrekneskapen for 2017 er dekket inn av sjølvkostfonda.

Kyrkjeleg Fellesråd

Kyrkje hadde eit samla netto driftsbudsjett på 7,9 mill. kroner, og rekneskapen viser 8,1 mill. kroner som gjev eit negativt driftsresultat på 200 000 kroner.

Driftsbudsjettet til Kyrkjeleg Fellesråd er ei rein overføring av midler. Bruken av midlene blir detaljert i rekneskap som blir avgjort av fellesrådet. Kyrkjeleg Fellesråd er eige rettssubjekt. Avviket mellom budsjett og rekneskap er justering som blir gjort med konsekvens i nytt lønsoppgjer som ikkje er kjent når budsjettet blir vedteke.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er kommunens resultat før dekning av renter og avdrag, og før avsetjingar til budsjetterte føremål, avskrivningar er ikkje med i brutto driftsresultat. Brutto driftsresultat for kommunen er på 118,4 mill. kroner (108,5 mill. kroner i 2016), mot opprinnelig budsjettet 90,4 mill. kroner kroner, ei meirinntekt på 28 mill. kroner.

I rapporten økonomisk oversikt viser brutto driftsresultat 70,4 mill. kroner. Stort avvik mellom dette og der brutto driftsresultat som vises i hovudtabell 2017, skuldast i hovudsak at denne rapporten inkluderer og har trekt frå avskrivninger på 43,2 mill. kroner i bruttodriftsresultatet. Avskrivningane blir seinare null ut i økonomisk oversikt, og er ikkje med i netto driftsresultat. Tilsvarande var brutto driftsresultat i økonomisk oversikt for 2016 på 80,9 mill. kroner.

Kapitalutgifter og kapitalinntekter

Samla for dette området er det opprinnelig budsjettet med netto utgifter på 24 mill. kroner, mens resultatet blir netto utgifter på 19,3 mill. kr. (20,2 mill. kroner i 2016), eit betre resultat i høve til budsjett på 4,7 mill. kroner. Forsiktig budsjettering av renteinntektsområdet, svært god likviditet, samt vesentleg betre overføring frå Haugaland Kraft, er årsak til positivt resultat.

Slik vår bankavtale er, svarar det seg for kommunen å ta opp budsjetterte lån tidleg i året.

Budsjettet låneopptak for året blir med det tatt opp i januar. Gjeldande bankavtale går ut i september 2018, og ny avtale vil heilt klart gi vesentleg dårlegare avkastning på innskota.

Plasseringane i obligasjonsmarknaden og i pengemarknadsfond, gav litt svakare avkastning i 2017 enn i 2016. Plasseringar skal over tid gi høyare avkastning enn det vi ville fått ved å ha midiane plassert i bank, men i 2017 var plasseringane under det bankinnskota ville gl. Ved årsskiftet var det plassert samla 60,3 mill. kroner i obligasjonar og fond; det meste i bankobligasjonar.

Kompensasjonsinntektene for lån gjeve til ulike føremål er på 9,1 mill. kroner (10,3 mill. kroner i 2016), mot budsjettet 10,8 mill. kroner. Årsak til nedgang ligg i klart lågare rente på kompenserte lån (gjennomsnitt kompensert rente ca. 1,1 %), og at inntekt frå Tysvær Arena Drift A/S ikkje er innbetalt. Kommunestyret har gjort vedtak om ettergjeving av gjeld for Tysvær Arena Drift A/S, samt at det ikkje skal krevjast inn vidare. I desse inntekter vidare ligg rente- og avdragskompensasjon frå Staten til investeringar i skulebygg, institusjonar og omsorgsbustadar, i tillegg kjem inntekter frå startlån (avdrag og renter frå dei vi låner ut til) og leigeinntekter Meny-bygget.

Kompensasjon for dekning av renter og avdrag på VAR-området gjenspeglar seg i den budsjetterte og regnskapsførte inntekt som ligg i VAR-området som er omtala under resultatområda. Dette er da ikkje del av kompensasjonsinntektene som er tatt med her.

Frå Haugaland Kraft blei det budsjettert med 9,8 mill. kroner i form av utbytte og renter på vår eigardel som er 9,8 % i Haugaland Kraft; resultatet blei 12,7 mill. kroner. Resultatet er avhengig av overskotet i selskapet; dette året blei det vesentleg betre enn budsjett, slik det også var i 2016. Endringa ved at det er selskapet sitt resultat som avgjør overføring til eigarane, i motsetning til det faste årlege beløpet som var gjeldande før, har hittil vore positiv for Tysvær som eigar.

Avdrag utgiftsført er i samsvar med budsjett 31 mill. kroner. Utifra ei samla lånegjeld eksklusiv pensjonsgjeld på 1 074 mill. kroner, betaler vi 2,9 % årleg i avdrag; budsjettet mål er minimum 3 %. Dette er i samsvar med den plan som er lagt for nedbetaling av vår lånegjeld.

Investeringar og utlån

Det er samla gjort investeringar på 205 mill. kroner i 2017 (165 mill. kroner i 2016). Dette er svært høgt. Summen er over nivå på investeringsbudsjettet for året (153 mill. kroner). Det er gjort vedtak om rebudsjetteringar på konkrete prosjekter, som ikkje blir gjennomført i samsvar med budsjett. Rebudsjettering er gjennomført, men summane vil avvika noko frå budsjettvedtaket då det var basert på anslag gjort tidleg i november. I rekneskapen ligg også gjennomførte prosjekter som blei budsjettert i 2016 og tidlegare år. Samanlikning mellom budsjett og rekneskap er da vanskeleg å gje direkte. Tyngda av investeringane er innanfor VAR-området.

Utdjupande kommentarar og detaljer om dei einskilde investeringsprosjekta går fram av det framlagde rekneskap og frå resultatområda i årsmeldinga for 2017, primært frå resultatområde teknisk.

Det har og i 2017 vore høg aktivitet og etterspørsel etter Startlån. Samla er det lånt ut 7,4 mill. kroner (11,1 mill. kroner i 2016). Det er og gitt tilsaman kr.400.000,- i tilskott til etablering. P.g.a. at reglane for tildeling av Startlån blei innskjerpa frå 2016, er det og i år mange som har fått avslag på søknad. Samla er det lånt ut 51,2 mill. kroner (50,5 mill. kroner i 2016) i startlån ved årsskiftet. Årsaken til at auken i samla utlån er vesentleg mindre enn nye utlån i året, er at det for eksisterande lån skjer endringar ved at tidlegare utlån blir innløyst utover ordinære innbetalingsplanar.

Balanserekneskapet

Anleggsmidler

Kommunens anleggsmidler ved årsskiftet var 2,659 mrd. kr. mot 2,492 mrd. kr. ved regnskapet for 2016. Pensjonsmidler i KLP utgjer av desse 955 mill. kr ved årsskiftet. I anleggsmidiane ligg i hovudsak elles verdien av kommunens eigedomar primært bygg. Samla er det bokført ein verdi på 1,543 mrd. kr. i faste eigedomar, anlegg og utstyr (1,457 mrd. kr. i 2016).

Aksjekapital i ulike selskap er på 52,6 mill. kroner, herav Haugaland Kraft på 19,6 mill. kroner, KLP på 20,9 mill. kroner, Aksdal Næringspark på 8 mill. kroner og Tysvær Arena Drift på 2,5 mill. kroner.

Omløpsmidler

Kommunens omløpsmidler ved årsskiftet er på 461 mill. kroner mot 371,1 mill. kroner i 2016. Auken frå 2016 er svært sterkt, og gjev uttrykk for at kommunen sin likviditet er særskilt god. Under omløpsmidler ligg også plasserte midler i bankobligasjoner på 60,3 mill. kroner, desse er svært likvide. Vidare utgjer dei kortsliktige fordringane 23 mill. kroner. Bankinnskota ved årsskiftet er 287 mill. kroner (199,5 mill. kroner i 2016); likviditeten er blitt vesentleg sterkare.

Kortsiktig gjeld

Samla kortsiktig gjeld er på 176 mill. kroner, mot 132 mill. kroner i 2016. Tyngda av kortsiktig gjeld er avsette ferlepenger til utbetaling i 2018 på 65 mill. kroner, skattekrav på 35 mill. kroner, avdrag lån

avsett for betaling på 16 mill. kroner, påløpte renter lån på 9 mill. kroner og gjeld til leverandører av varer og tenester på 41 mill. kroner.

Langsiktig gjeld

Kommunen si lånegjeld ved årsskiftet er 1058,6 mill. kroner, tilsvarende i 2016 var 979,7 mill. kroner. I tillegg til summen på 1058,6 mill. kroner, er det sett av 16 mill. kroner som skal dekka avdrag lån for 2017, slik at reell lånegjeld er 1074,6 mill. kroner.

Auka lånegjeld er på 94,9 mill. kroner. Auken har sin hovedårsak i budsjetterte låneopptak til gjennomføring av vedtekne investeringar til vatn og kloakk. Lånegjelda blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommunar – dette skal gjenspegle vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjelda. Ved årsskiftet er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (1102 mill. kroner) på 97,5 % (93,7 % pr. 1/1-2017).

Den handlingsregelen som kommunestyret har vedtatt del siste åra – den reelle lånegjeldsdelen i % av samla driftsinntekter på det kommunen sjølv må dekka skal vera stabilt – er det heilt sentralt for kommunen å oppnå i åra framover. Renteeksponert gjeld = det kommunen må dekka inn med eigne midlar er ved årsskiftet på 535 mill. kroner (470 mill. kroner i 2016). Det inneber at 540 mill. kroner blir heilt (både renter og avdrag) eller delvis (renter) føresett dekka av andre gjennom gebyrer vatn og kloakk (grunnlag 325 mill. kroner), skuleutbygging (40 mill. kroner), omsorgsutbygging (25 mill. kroner), Meny-bygget (35 mill. kroner), kyrkjene (4 mill. kroner), Investeringar finansiert med realvekstfond (30 mill. kroner) og startlån i Husbanken (82 mill. kroner). Kompenserte lån er reduserte ved at perioden for kompensasjon til grunnskuleutbygging i samband med skulestart for 5-åringar /frå 1997) er over, og at vi ikkje reknar med kompensasjon frå investeringen i Tysvær Arena lenger.

Under langsiktig gjeld ligger også våre pensjonsforpliktelser i KLP. Dette er midler vi skuldar tidlegare og noverande tilsette i framtidig pensjon. Dette utgjer 1 181 mill. kroner, og blir å sjå opp mot våre pensjonsmidler i KLP på 955 mill. kroner. Dette gjev årlege utslag på driftssida på pensjonsutgiftene.

Eigenkapital

Samla eigenkapital er 700 mill. kroner (634 mill. kroner i 2016). I eigenkapitalen ligg alle fondene til kommunen og årets rekneskapsmessige overskott på 35 mill. kroner. Samla fond er på 178 mill. kroner mot 152 mill. kroner i 2016. Ubundne fond (kommunestyret kan gjera vedtak om bruk, eller endra føremål i høve til tidlegare vedtak), utgjer 152 mill. kroner, av dette utgjer avsetjing til sikringsfond eigedomsskatt 35 mill. kroner, og sikringsfond renteutvikling 10 mill. kroner. I budsjettet for 2017 blei det rekna med 22 mill. kroner i bruk frå Investerings- og utviklingsfondet, og det er i tillegg forskjortert store summar frå fondet i rekneskap for 2017, primært større arealkjøp på samla 35 mill. kroner (Skeiseld og Krabbatveit). Det gjer at det er lite midlar på fondet nå, før seinare avsetjing frå rekneskapsoverskott 2017.

Samla økonomisk situasjon for Tysvær

Resultatutviklinga har vore svært positiv over tid, frå eit reelt driftsunderskott i 2007 på 6,9 mill. kroner (etter frådrag av momskompensasjon investeringar), til eit gradvis betra resultat, og opp til heile 99,1 mill. kroner (88,7 mill. kroner i økonomisk oversikt som ikkje har med seg fondsbruk og fondsavsetjingar på resultatområda). Tilsvarende tal i 2016 var 88,3 (93,8) mill. kroner. Driftsmarginen er på 9 % (8,3 %).

Dette er eit resultat av stor vekst i eigedomsskattelinntekter gjennom desse åra, og i dei siste åra også eit svært positivt rentebilete, men også svært viktig for resultatet er eit godt og systematisk arbeid med omstilling og sparing i tenestene over lang tid.

Det er arbeidd med å finna varige omstillingar i drifta og samstundes sikre best mulig kvalitet innanfor tilgjengelege ressursar. Det er gjort ein stor jobb i tenestene både med godt nok standardar og med å finne meir kostnadseffektive måtar å levere fortsatt gode tenester på.

Resultatet er heilt i toppsjiktet blant norske kommunar.

Kommunestyret har sagt at pengebruken framleis skal vere nøktern og ikkje minst berekraftig på lang sikt. Det betyr at vi må bruke det store handlingsrommet vi nå har i økonomien vår klokt, til å rigge Tysvær kommune for framtida, og eit inntektsgrunnlag som vi ikkje kan rekne med blir like godt som i dag. Dette ser vi klart av vedtatt økonomiplan 2018 – 2021.

Det er svært viktig for rådmannen å understreka igjen den store usikkerhetsfaktor som ligg i at det ligg føre klage på siste omtaksering eigedomsskatt frå dei to store skattytarane, Gassco og Statoil. Her må det pårekna rettsaker. Deler av dei inntektene som nå gjev historisk gode resultat både i 2016 og 2017, må difor setjast av til fond, i påvente av endeleg avklaring, truleg i rettsapparatet. Det kan ta tid før dette er klart.

Rekneskapen skal handsamast av kommunestyret i juni 2018. I rekneskapssaka vil rådmannen i hovudsak tilrå avsetting av årsoverskotet til disposisjonsfond og/eller investerings- og utviklingsfond. Det vil også bli vurdert om konkrete drifts- og investeringsprosjekter skal tilførast midlar.

Status for kommuneplanarbeidet

Gjeldande kommuneplan for Tysvær kommune vart vedtatt i september 2015. I samband med sist kommuneplanrevisjon vart det gjort ei strandonekartlegging og det vart lagt ut nye utbyggingsområde for fritidsbustader og reiselivsanlegg. Samstundes med arbeidet vart det og utarbeida kommunedelplan for kulturminner. Kommunal planstrategi for perioden 2016-2020 vart vedtatt av kommunestyret i november 2016 med bestilling av ei rekke planoppgåver utført i kommunestyreperioden som planar for tenesteområda, områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplaner, planar for bustadbygging m.m. Kommunestyret vedtok at ein ikkje skal revidere samfunnsdelen og arealdelen i denne kommunestyreperioden, men at kommuneplanens føresegner skal reviderast. Forslag til reviderte føresegner er utarbeida og vart lagt på høyring på nyåret 2018.

Likestilling og diskriminering

Tysvær kommune har likestilling, likebehandling og antidiskriminering som viktige prinsipp. Tysvær kommune sin organisasjonspolitikk understrekar at likestilling handlar om like villkår og potensielle uavhengig av kjønn, etnisk identitet, religion, sosial status, seksuell legning, alder og funksjonsnivå. I dei lønnspolitiske retningslinjene for Tysvær kommune står det at lønnspolitikken skal syte for likestilling mellom kvinner og menn i tråd med gjeldande avtalar, jf. HA §7 og HTA kap.3.2 og Likestillinglova §§ 5, 17 og 21.

Likestilling handlar mellom anna om å ha ein jobb å leva av. Det er ofta kvinner som arbeider deltid, og som har ein uforutsligbar og utsynlig økonomisk situasjon der ein ikkje har dei same mulighetene som dei som jobbar heiltid.

Tysvær kommune er deltakar i *NYTT BLIKK- Læringsnettverk for å skape heiltidskultur*. Prosjektet er i regi av KS – Rogaland der fleire kommunar deltek. Målet med prosjektet er å ha fokus på heiltidskultur for å auka andelen heile stillingar. Sjølv om Tysvær kommune er med i *NYTT BLIKK* prosjektet er det viktig å tenka langsiktig i arbeidet med heiltidskultur. Det er derfor planlagd ei sak til kommunestyre i 2018 som skal setta mål for heiltidarbeidet i Tysvær kommune på lang sikt.

I tabellen her ser ein status for Tysvær kommune. Denne viser at ein har ein lang veg å gå for å oppnå heiltid.

Sektor	Antall ansatte	Antall heltidsstillingar	Andel heltidsstillingar	Gjennomsnittlig stillingsstørrelse
I alt	1 191	555	46,60 %	52,00 %
Administrasjon	51	35	68,63 %	36,04%*
Skule	299	167	55,85 %	72,27 %
Barnehage	167	111	66,47 %	67,73 %
Aktivitet og Omsorg	242	53	21,90 %	48,65 %
Helse og forebygging	272	119	43,75 %	32,85 %
Teknisk	103	58	56,31 %	52,70 %
Kultur	57	12	21,05 %	28,88 %

*) inkl.
folkevalgte

Handlingsplan for likestilling blei handsama og vedteken i Arbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet våren 2017.

Når det gjeld universell utforming har alle resultatområde ansvar for dette utfra tenesta sitt lovverk. Dette gjeld i både planarbeid og i tenesteproduksjon. Kommunalit råd for menneske med nedsett funksjonsevne har uttalerett i saker som har med universell utforming og gjera, og kan påpeika manglar og behov.

Internkontroll

Kommunen innførte elektronisk Internkontroll i 2013. Systemet heter Risk Manager og er det same systemet som fleire av kommunane på Hordalandet har. I kvalitetshandboka står det at «Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidarar skal kunne utføre sine arbeidsoppgaver i henhold til avtalt nivå, metode, standard og kvalitet».

I 2017 har det vore ei prioritert oppgåve å få implementert avviksmodulen i kvalitetssystemet. Med unntaka av eit par skular kom ein i mål med dette. Seksjonar som gjenstår vil få opplæring i løpet av våren.

Når det gjeld dokumentmodulen har ein gjort ei undersøking i organisasjonen om status, bruk og behov for opplæring. Det kom nokre innspel og dei blir tekne med i ein ny handlingsplan for kvalitetssystemet.

Etikk

Tysvær kommune har etisk reglement som er gjeldande både for politikarar og tilsette. Reglementet blei revidert og vedteke i kommunestyre i 2014.

Etiske retningslinjer er eit hjelpermiddel for dei tilsette når dei er på jobb, og for dei folkevalde i utøvinga av vervet sitt. Dei bygger på gjeldande lover og forskrifter, og kjem ikkje i tillegg. Formålet med Tysvær kommune sine etiske retningslinjer er å sikra god etisk praksis og definera felles standard for tilsette og folkevalde i Tysvær kommune. Som forvaltarar av samfunnets fellessgoder, og utøving av makt og myndighet blir det stilt spesielt høge krav til folkevalde og tilsette. Derfor skal retningslinjene skal bevisstgjera og oppfordra til etisk refleksjon. Det står i retningslinjene at det skal sikrast god etisk refleksjonskompetanse på alle nivå i kommunen.

I resultatområde Aktivitet og omsorg er alle leiarane pålagt etikkrettelarkurs. Det er jamnlege refleksjonsgrupper i alle avdelingar i denne tenesta. Det blir gjennomført etisk refleksjon i andre tenester også. Det vil vera nødvendig å innføra systematisk etisk refleksjon som ein del av drifta i alle tenester. Nye politikarar har etisk reglement som ein del av politikaropplæringa.

I Tysvær kommune sine medarbeidarverdilar er ein av verdiane OPEN.


Med OPEN meiner vi at leiarar og medarbeidrarar ...

- bidrar til gjennomsiktige og opne prosessar
- er serviceorienterte og profesjonelle i møte med andre
- søker og deler relevant informasjon og kunnskap for å sikre gode prosessar
- bygger ein kultur der vi er ærlege med kvarandre

Denne medarbeidarverdien og dei andre; RAUS, MODIG og ANSVARLEG bygger opp under det etiske reglementet. Det blir jobba med medarbeidarverdiane på alle nivå i kommunen.



Sigurd Elkje
Rådmann



of
Tor Leif Helgesen
Økonomisjef

Noter regnskap 2017

Regnskapsprinsipper, vurderingsregler og organisering

Kommuneregnskapet er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midler som er tilgjengelege i året, og anvendelsen av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følger av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedrører kommunen si verksemndt skal fremgå av drifts- eller investeringsregnskapet i året enten dei er betalt eller ikke.

Regnskapet er avgjort i henhold til god kommunal regnskapsskikk, herunder kommunale regnskapsstandarer (KRS) utgitt av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS).

Organisering av kommunens virksomhet

Den samla verksemnda til kommunen er organisert innanfor kommunen sin ordinære organisasjon, med unntak av renovering som drives gjennom et interkommunalt selskap (HIM) og næring som drives av Haugaland Vekst.

HIM, som har Vindafjord kommune som vertskommune, avleggjer sjølvstendig rekneshap som ikke inngår i kommunens drifts- og investeringsregnskap. Det same gjeld Haugaland Vekst har Haugesund som vertskommune

Note 1 Endring i arbeidskapital (FKR § 5 nr. 1)

Balanseregnskapet :	31.12.2017	31.12.2016	Endring
2.1 Omløpsmidler	kr 460 989 695	kr 371 154 340	
2.3 Kortsiktig gjeld	kr 179 925 065	kr 135 593 476	
Arbeidskapital	kr 281 064 630	kr 235 560 864	kr 45 503 766
Drifts- og investeringsregnskapet :	Beløp		Sum
Anskaffelse av midler :			
Inntekter driftsregnskap	kr 1 045 086 346		
Inntekter investeringsregnskap	kr 58 433 212		
Innbet.ved eksterne finanstransaksjoner	kr 101 958 862		
Sum anskaffelse av midler	kr 1 205 478 421	kr	1 205 478 421
Anvendelse av midler :			
Utgifter driftsregnskap	kr 931 511 046		
Utgifter investeringsregnskap	kr 205 016 688		
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	kr 59 128 400		
Sum anvendelse av midler	kr 1 195 656 135	kr	1 195 656 135
Anskaffelse - anvendelse av midler			
	kr 9 822 286		
Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-)	kr 35 681 478		
Endring arbeidskapital i drifts-og investeringsregnskap	kr 45 503 764		
Endring arbeidskapital i balansen	kr 45 503 766		
Differanse	kr (3)		

Note 2 Pensjon (FKR § 5 nr. 2)

Generelt om pensionsordningene i kommunen

Kommunen har kollektive pensionsordninger i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrer ytelsesbasert pensjon for de ansatte.

Pensjonsordningen omfatter alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon samt AFP/tidligpensjon og sikrer alders- og uførepensjon med samlet pensjonsnivå på 66% sammen med folketrygden. Pensjonene samordnes med utbetaling fra NAV.

Premiefond

Premiefondet er et fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midler på premiefondet kan bare brukes til fremtidig premiebetaling. Premiefondet framstår ikke av kommuneregnskapet, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremier.

Premiefond klip	2016	2017
Innestående på premiefond 01.01.	386 590	115 590
Tilført premiefondet i løpet av året	9 294 946	8 040 801
Bruk av premiefondet i løpet av året	9 562 953	8 062 392
Innestående på premiefond 31.12	115 590	94 005

Regnskapsføring av pensjon

Etter § 13 i årsregnskapsforskriften skal driftsregnskapet belastes med pensjonskostnader som er beregnet ut fra langsiktige forutsetninger om avkastning, lønnsvekst og G-regulering.

Pensjonskostnadene beregnes på en annen måte enn pensjonspremien som betales til pensjonsordningen, og det vil derfor normalt være forskjell mellom disse to størrelsene. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og beregnet pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsføres i driftsregnskapet.

Bestemmelsene innbærer også at beregnede pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidler og langsiktig gjeld.

Økonomiske forutsetninger (§13-5):

	KLP	SPK
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,50 %	4,20 %
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %
Forventet årlig lønnsvekst	2,97 %	2,97 %
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	2,97 %	2,97 %

Spesifikasjon av samlet pensjonskostnad, premieavvik pensjonsforpliktelser og estimatavvik (tall i hele tusen)

Pensjonskostnad (F § 13-1, C)	2017	2016
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	59 822	59 454
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	44 429	41 703
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-39 826	-37 227
Administrasjonskostnader	3 807	3 691
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	68 232	67 621
Betalt premie i året	73 271	71 512
Årets premieavvik	-5 039	-3 891

Pensjonsmidler, pensjonsforpliktelser, akkumulert premieavvik (F § 13-1, E)				
	2017		2016	
	Arb.giveravg.		Arb.giveravg.	
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr.31.12.	1 153 431	162 634	1 084 218	152 875
Pensjonsmidler pr. 31.12.	954 662	134 607	877 320	123 702
Netto pensjonsforpliktelser pr 31.12.	198 769	28 026	206 898	29 173
Beregnet premieavvik året før	3 890		5 643	
Andel av fjorårets premieavvik amortiseres	556	78	-805	-114
Amortisering av premieavvik fra tidligere år	4 008	565	5 324	751
Sum premieavvik pr. 31.12	4 564	643	4 519	637
Spesifikasjon av estimataavvik		2017	2016	
	Pensjons- midler	Pensjons- forpliktelser	Pensjons- midler	Pensjons- forpliktelser
Faktiske midler/forpliktelser (31.12. forrige år)	872 665	1 076 470	813 232	1 006 622
Estimerte midler/forpliktelser (01.01. dette år)	957 027	1 153 009	843 336	1 044 216
Årets estimataavvik (01.01.)	-84 362	-76 539	-30 104	-37 594

Note 3 Kommunen sitt garantiansvar (FKR § 5 nr. 3)

Gitt overfor - navn	2017	2016	Utløpsdato
HIM	kr 8 152 354	kr 7 455 966	*
Karmsund Havn	kr 33 606 417	kr 34 315 773	**
Skjoldhallen	kr 5 000 000	kr 5 000 000	05.03.2035
Sum garantiansvar	kr 46 758 771	kr 46 771 739	

* Tysvær kommune garanterer for selskapet si lånegjeld utfrå Tysvær kommune sin andel av befolkninga i deltakarkommunane i HIM

** Tysvær kommune garanter til enhver tid for selskapets lånegjeld utfra Tysvær kommunes eierandel i selskapet.

Note 4 Fordringar og gjeld til kommunale foretak, bedrifter og samarbeid jf. kommuneloven §§ 11 og 27 (FKR § 5 nr. 4)

Kommunal virksomhet - navn:	31.12.2017	31.12.2016
	Gjeld	Gjeld
Kortsiktige poster		
Friluftsrådet vest	kr 1 394 150	kr 1 454 849
Sum kortsiktige poster	kr 1 394 150	kr 1 454 849

Note 5 Aksjer og andeler i varig eie (FKR § 5 nr. 5)

	Eierandel	Balanseført verdi	Balanseført verdi
Selskapets navn	31.12.2017	31.12.2017	31.12.2016
KLP eigenkapitalinnskot	*	kr 20 871 091	kr 18 468 454
A/L Biblioteksentralen	**	kr 1 500	kr 1 500
AS Haugaland Industrier	5,14 %	kr 15 500	kr 15 500
Haukelivegen	2,22 %	kr 13 500	kr 13 500
A/S Tysvær bygdeblad	7,25 %	kr 6 000	kr 6 000
Haugaland Kraft	9,80 %	kr 19 600 000	kr 19 600 000
Karmsund Havnevesen	7,69 %	kr 100 000	kr 100 000
Haugaland Bompengeselskap AS	33,33 %	kr 35 000	kr 35 000
Norsk Bane AS	0,20 %	kr 40 200	kr 40 200
Haugaland Vekst	9,09 %	kr 100 000	kr 100 000
HIM	17,00 %	kr 30 300	kr 30 300
Haugalandsmuseene	12,00 %	kr 26 400	kr 26 400
Miro AS	16,00 %	kr 26 400	kr 26 400
Destinasjon Haugesund & Haugalandet	19,79 %	kr 650 000	kr 150 000
Haugalandspakken	12,50 %	kr 40 000	kr 40 000
Tysvær Arena	97,41 %	kr 2 495 149	kr 2 495 149
Odda vegfinans	4,00 %	kr 10 000	kr 10 000
Aksdal Næringspark	40,00 %	kr 8 000 000	kr 8 000 000
HIL-Hallen	5,00 %	kr 5 350	kr 5 350
Storhall Karmøy	5,00 %	kr 1 500	kr 1 500
Haugaland brann IKS	9,50 %	kr 481 000	kr -
Aksdal senter	34,73 %	kr 34 734	kr -
Sum		kr 52 583 624	kr 49 165 253

* Alle som etablerer avtale om offentlig tjenestepensjon i KLP skyt inn eit eigenkapitalinnskot. Det inneber at kommunar, fylkeskommunar, helseforetak og bedriftar med offentleg tenestepensjon og er eigrarar av selskapet

** A/L Biblioteksentralen er eit samvirkeselskap som er eigd og styrt av medlemmane. Eigarane er i all hovudsak norske kommunar og fylkeskommunar

Note 6 Avsetning og bruk av fond (FKR § 5 nr. 6)

	2017	2016
Dispositionsfond		
Beholdning 01.01	kr 116 808 518	kr 70 854 281
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr 11 702 759	kr 4 412 295
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr 78 596 209	kr 3 135 887
Korrigering for feil i 2015 og 2017	kr (6 948 325)	kr 2 961 859
Avsetninger til fondet	kr 104 779 894	kr 56 464 278
Beholdning 31.12	kr 138 237 769	kr 116 808 518
Bundne driftsfond		
Beholdning 01.01	kr 19 755 312	kr 22 529 421
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr 11 282 468	kr 6 029 713

Bruk av fondene i investeringsregnskapet		kr -
Avsetninger til fondene	kr 5 668 966	kr 3 255 604
Beholdning 31.12	kr 14 141 810	kr 19 755 312
Ubundne investeringsfond		
Beholdning 01.01	kr 15 673 598	kr 30 258 854
Avsetninger til fondene	kr 18 509 406	kr 6 169 585
Korrigering for feil i 2015 og 2017	kr (6 948 325)	kr 2 961 859
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr 13 461 136	kr 23 716 700
Beholdning 31.12	kr 13 773 543	kr 15 673 598
Bundne investeringsfond		
Beholdning 01.01	kr -	kr -
Avsetninger til fondene	kr 12 056 518	kr -
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr -	kr -
Beholdning 31.12	kr 12 056 518	kr -

Note 7 Kapitalkonto (FKR § 5 nr. 7)

	DEBET		KREDIT
Saldo 01.01 (underskudd i kapital)	0,00	Saldo 01.01 (kapital)	423 257 969,43
Debetposter i året:		Kreditposter i året:	
Avskrivning: Eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	43 212 252,00	Aktivering fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	180 818 837,81
Salg og nedskrivning anlegg	18 630 614,18	Endring pensjonskasse	9 677 269,00
Avdrag på utlån - driftsregnskapet	6 000,00	Kjøp av aksjer	3 418 371,00
Bruk av lånemidler	74 318 519,74	utlån	7 430 485,91
Mottatte avdrag av utlån	6 824 715,42	Avdrag på eksterne lån	31 071 598,00
Balanse 31.12 (kapital)	512 682 429,81	Balanse 31.12 (underskudd i kapital)	0,00
	655 674 531,15		655 674 531,15

Note 8 Interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27 (FKR § 12 nr. 3)

Tysvær kommune deltok i følgende interkommunale samarbeid i 2017:

Haugaland interkommunale miljøverk

Haugaland KU sekretariat

Interkommunalt arkiv

Haugaland vekst

Friluftsrådet Vest

Haugaland Arbeidsgiverkontroll

Note 9 Spesifikasjon av vesentlige poster i regnskapet

Tysvær kommune har i 2014 og 2015 satt av tilsaman 2,8 mill. kroner til tilbakebetaling av momskompensasjon. Bakgrunnen for denne avsetninga er at kommunen var under revisjon av Skatt Vest på momskompensasjon knytt til bustader i kommunen. Saka er nå ferdig og for mykje avsatt til tap er tilbakeført rekneskapen i 2017.

Tysvær kommune sin andel av KLP overskotet i 2016 var på 8 mill. kroner. Dette overskotet kjem til fråtrekk på innbetalingane på premie for 2017

Utlån	2016	2017
Sosiale lån	9 000	3 000
Haugaland Kraft	53 606 196	53 606 196
Nedstrand bygdehus	350 000	350 000
Tveit vinterlandbrukskule	4 068 790	4 068 790
Startlån/etableringslån	50 639 234	51 245 005

Note 10 Vesentlige transaksjoner

Med hjemmel i eigedomsskattelova har Tysvær kommune i 2016 gjennomført allmenn taksering av eigedomsskatt på verk og bruk. Allmenn taksering vert foretatt kvart tiande år. Gassco har klaga eigedomsskattevedtaket knytt til Kårstø prosessanlegg. I tillegg har Statoil klaga eigedomsskattevedtaket knytt til Sleipner kondensat, som er ein eige del av Kårstø prosessanlegg. Begge desse sakene er under klagebehandling i Tysvær kommune. Både Gassco og Statoil m. fleire har retta søksmål mot Karmøy kommune i relaterte saker.

I søksmåla mot Karmøy kommune er Tysvær kommune partshjelp. Haugaland tingrett har fastsatt tidspunkt for behandling av begge søksmåla i 2018. Tysvær kommune har engasjert eit eksternt advokatfirma til eige klagesaker og i rolla som partshjelp til Karmøy kommune. I 2017 er det brukt 1,2 mill. kroner i advokatutgifter til desse sakene.

Note 11 Anleggsmidler

EDB-utstyr, kontor- maskiner	Anlegg- maskiner mv.	Brannbiler, tekniske anlegg	Boliger, skoler, veler	Adm.bygg, sykehjem mv.	Tomter og andre ikkje avskrivbare eiendeler	Sum
Bokført verdi pr 01.01	17 098	5 120	301 313	672 707	307 522	153 165 925
Årets tilgang	7 498	0	37 311	70 405	26 458	39 146 180 818
Årets avgang	-9	-133				-7 715 -7 857
Årets nedskrivning						-10 774 -10 774
Årets ordinære avskrivningar	-2 389	-679	-8 278	-23 365	-8 335	-166 -43 212
Bokført verdi pr. 31.12	22 198	4 308	330 346	719 747	325 645	173 656 1 575 900
Økonomisk levetid	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	
Avskrivnings- plan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Hovedprinsipp for vurdering av tomteverdier: Tomteverdier av bustadtomter er justert til den verdi områdene har etter at tomter er solgt i løpet året.

Note 12 Markedsbaserte finansielle omløpsmidler

Aktivklasse	Anskaffelseskost	Verdi 31.12.2017	Verdi 31.12.16	Endring balanse verdi
Rentepapirer	1 700 000	2 019 712	1 984 440	35 272
Aksjefond				0
Aksjer				0
Sertifikater				0
Obligasjoner (bank)	58 000 000	58 281 119	43 243 948	15 037 171
	59 700 000	60 300 831	45 228 388	15 072 443

Balanseført Verdi pr.31.12. = markedsverdi (virkelig verdi)

Note 13 Investeringsprosjekter - større og prinsipielle

(beløp i 1000 kroner)	Prosj.nr	2017	2016	Bruk tidligere	Sum brukt
Administrasjon					
Aksdal Senter	10001	435			435
Albatross Aksdal	10004	185			185
Aksdal Parkering	10015	221			221
Aksdal områderegulering	10162	1 587	1 836		3 423
Stranda områderegulering	10167	203			203
E-handel - innføring	12005	780			780
Rådhuset -utbygging	60190	412	116		528
Rådhuset adgangssystem	64075		561		561
Nettoverføring kommunestyret	10121	53	443		496
Fiber Aksdal Frakkagjerd	62141		625	963	1 588
Barnehage					
Nedstrand barnehage	60142			1 686	1 686
Nedstrand barneh. Uteomr.	60174		171		171
Førresfjorden - utomhus	60178	834			834
Aksdal barnehage - utgreiling	60156		305		305
Tysværåg barnehage - utviding	60151	490	4 210	6 853	11 553
Fjellhaug barnehage	60179	8 670	168		8 838
Førland barnehage	60188	7 857	294		8 151
Skule					
TBU- utbygging og rehabilitering	60157	6 392	6 245	5 983	18 620
Grinde skole rehabilitering	60158	605	2 584	564	3 753
Førre skule utvikling	60181	6 442	6 261		12 703
Ipad - 1. - 4. klasse	21000		678		678
Aktivitet og omsorg					
Tysværtunet -omb- sykeheim	60147		1 180	5 687	6 867
Brannanlegg - sjukeheimane	60223		-133	2 512	2 379
Sjukesignalanlegg	14400	1 650	156		1 806
Buss - omsorgstjenestene	35211	946	564		1 510
Helse og førebygging					
Hamrane - helseteknologi	40331		1 251	196	1 447
Bustadar rusvern	61106	127	109		236

Helsestasjon Aksdal	60166	135	327	462
Aksdalsvegen 163 tilpasn.	60167	143	1 726	394
Stølsberg butilitak 8 bustader	60163	5 722	1 386	256
Stegaberg butilitak 8 bustader	60164	5 605	1 393	158
Kultur				
Kulturhusprosjektet	50014	449		449
Tysværtunet - brannvern	60168	150		150
Tysværtunet - lys idrettsh.	59013	610		610
Tysværtunet - ombygging Reisen	60148	38	1 727	5 196
Tysværtunet - rehab. Ventilasjon	60145		557	1 033
Tysværtunet rømningsvegar	60184	122	17	139
Tysværtunet bibliotek	60185	2 124	193	2 317
Nedstrand strandstadsutvikling	53002	7	203	3 143
Kunstgrasbane Frakkagjerd	62144	620	703	1 323
Teknisk				
Driftsbygg samlokalisering	60154	495	130	264
Nedstrand brannstasjon	62121	1 510	382	1 892
Rådhuset ventilasjon	60172		77	77
Radon tiltak	64070	270	602	528
Energimerking bygg	60186	28		28
Sysco lydutbedring	60171	863	47	42
ENØK-tiltak generelt	6018	302	911	2 240
Veganlegg og sykkel/gang/turveg				
Sykkel - og gangvegar	62000	29	270	425
Trafikksikring	62135	1 605	1 471	3 076
Skjoldastrumen - veg barnehagen	62063	1 391	9 303	777
Aksdal Næringspark - toplanskryss	62137	9 660	1 695	366
Aksdal Næringspark -truckstopp	62113		120	68
Aksdalsvatnet turveg	62117			5 586
Regulering og arealplanarbeid				
Sykkel og gang regulering	65043	960	287	749
Aksdal Sentrum -regulering	6101			4 641
Aksdal sentrumsplan	1003	84	143	2 335
Skeiseid - områderegulering	65023	31	1 076	722
Frakkagjerdveien - regulering	65021	15	112	995
Utbyggingsområder				
Skeiseid - kjøp areal	1226	31 202		31 202
Krabbatveit - kjøp areal	60230	3 588		3 588
Samlok. A.N. - tomt	60232	11 540		11 540
Aksdal Næringspark	62036			70 972
ANP- Kystdesigntomt	62140	1 315	404	1 719
VA - Vatn og avløp				
Pumpestasjonar og renseanlegg - oppgradering	62136	141	362	596
Vatn-kloakk rehabilitering	62070	8 903	4 107	7 622
Kloakk Grinde - Aksdal	62134	2 452	240	2 692
Avløp Dragavika - HNP	62139		81	81
Førre Havn - Skeiseid VA	62098		7 915	133
				8 048

VA- Aksdal Nord	62149	611		611
VA- Førreparken	62151	2 519		2 519
VA- Stuvik- Nedstrand kai	62152	952		952
VA- Fr.gjerd-Dragavika	62153	147		147
VA - Hinderåvåg (brannstasjon)	62162	217		217
Førre Havn - Førre skule VA	62110		8 943	8 943
HNP/Breivika - VA	62074	9 872	36 050	200
Haugaland Næringsp. VA	62047		49 771	49 771
Haugal. Næringsp - Kloakkrens.	62076	6 128	23 037	12 028
Hervik Vassverk - Hervik kai	62114	4 700	5 676	380
Aksdal Næringspark - Skeiseid VA	62080	204		30 418
HNP- høgdebasseng	62108	39		421
Aksdal - trykkauke vatn	62107			1 012
Vatn -trykkmålere	62143	1 291	329	1 620
Kyrkje				
Tysvær kyrkjegard	62112	-52	9 676	396
Sum			151 376	127 129
				237 262
				515 767

Note 14 Langsiktig gjeld og avdrag

Kommunen berekner minste tillatte avdrag på lån etter forenkla formel. Avskrivingane vert berekna som sum langsiktig gjeld dividert på sum anleggsmidler (jfr. Kom.lovens § 50 nr. 1 og 2) multiplisert med årets avskrivningar i driftsregnskapet. Denne forenkla formelen gir eit minstekrav til avdrag som tilsvarer avskrivningar (kapitalslitet) på lånefinansierede anleggsmidler.

Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	kr. 31 000 000
Kapitalslitet	kr. 26 170 000
Avvik	kr. 4 830 000

Dette betyr at kommunen har betalt avdrag i overkant av de underliggende verdier i regnskapet. Men vi må ta omsyn til at alle faste eigedomar er med i sum anleggsmidlar. Marginen er likevel stor, og vi er godt innanfor minstekrav til avdrag.

Til grunn for berekninga:

Lånegrunnlag: 1 074 646 000 kr.– Husbanklån 82 612 000 kr.– ubrukte lånemidler kr 57 947 000 = 934 087 000 kr.

Avskrivinger anleggsmidlar utgjer :43 212 000 kr.

Sum anleggsmidler 1 542 563 000 kr fordelt slik: Utstyr, bilar m.v.32 478 000 kr. og faste eigedomar og anlegg 1 510 085 000 kr..Alle desse summaner er med som grunnlag for berekningane. Deler av eigedomar utanom bygningar er ikkje lånefinansierete, men likevel med i berekningsgrunnlaget

Fordeling av langsiktig gjeld i kommunen på ulike områder:	31.12.2017
Lån til sjølvkostområdene	324 154 000
Startlån	82 612 000
Ubrukte lånemidler	57 947 000
Lånegjeld øvrige tjenesteområder	593 933 000
kommunenes totale langsiktige gjeld	1 058 646 000

Note 15 Endringer i regnskapsprinsipp

Som en følge av endringer i forskrift om årsregnskap og årsberetning, er virkning av endringer i regnskapsprinsipp i 2007 og tidligere, som er regnskapsført mot likviditetsreserven, ført over til egne egenkapitalkontoer for endring av regnskapsprinsipp. Endringer gjort etter 2007 er ført direkte mot kontoer for endring av regnskapsprinsipp.

Konto for endring av regnskapsprinsipp består pr. 31.12.2016 av følgende poster:

	År	Utgift	Inntekt
Utbetalte feriepenger	1993	8 127 689	
Tilskudd til ressurskrevende brukere	2008		15 781 000
Sum bokført mot endring av regnskapsprinsipp (alle tall i hele tusen)		8 127 689	15 781 000

Dette framkommer i balansen på følgende kontoer	31.12.2017	31.12.2016
Endring av regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	-7 653 511	-7 653 511
Endring av regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	904	904
Sum	-7 652 607	-7 652 607

Note 16 Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk

Posten regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk under egenkapitalen i balansen er satt sammen slik:

Regnskapsår	Meirforbruk	Mindreforbruk
2017	0	34 836 386

Investeringsregnskapet for 2017 er gjort opp i balanse

Note 17 Vesentlige forpliktelser

Kommunen har leasingavtalar på bilar, kopimaskiner og skuledatamaskiner. Kommunen har to private barnehagar. Alle legane utenom kommunelegen er private, i tillegg har kommunen 3 fysioterapeuter som har driftstilskot.

Note 18 Selvkostområder

	Resultat 2017				Balansen 2017	
	Inntekter	Kostnader	Over(+)/underskudd (-)	Årets dekningsgrad i % ¹⁾	Avsetn(+)/bruk av (-) dekningsgradsfond	Dekningsgradsfond pr. 31.12 ²⁾
Vann	16 594	20 875	-4 281	79,49 %	-4 108	6 804
Avløp	13 643	17 988	-4 345	75,85 %	-4 343	-2 071
Feiring	1 366	1 415	-49	96,54 %	-55	-362
Oppmåling	3 518	5 171	-1 653	68,03 %	0	0
Byggesak	2 804	3 456	-652	81,13 %	0	0
Plansak	470	2 860	-2 390	16,43 %	0	0

- 1)Årets dekningsgrad før ev.avsetning/bruk av dekningsgradsfond.
 2) Dekningsgradsfondene er bundne driftsfond. Disse kan kun benyttes til dekning av framtidige driftsutgifter på tilhørende selvkostområde. Beholdningene er godskrevet renter i tråd med KMD sine retningslinjer. Rentene inngår i balansebevegelsene for året.

Note 19 Ytelser til ledende personer og revisor

Ytelser til ledende personer		2017		2016
Administrasjonssjef	kr	1 210 000	kr	1 112 000
Ordfører	kr	1 021 462	kr	997 620

Godtgjørelse til revisor

Kommunens revisor er KPMG AS. Samlede godtgjørelser til revisor utgjør kr 536506. Revisjon omfatter regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og diverse attestasjonsoppdrag.

Note 20 Samlet ekstern gjeldsforpliktelse

Tysvær kommune er ikke ansvarleg for anna enn garantiforpliktingane nemnt i note 3 og 17

Note 21 Utgiftsført tap på krav

	2016	2017
Anslått tap på momskompensasjon	1 200 000	-2 258 000
Tysvær arena drift		900 000
Tidligare års feil		2 098 910
Tap på krav	985	258 076
Totalt utglifter belastet driftsregnskapet	1 200 985	998 986

Note 22 Utgiftsposter mot Haugaland vekst IKS

Tysvær kommune har utgiftsført følgende poster mot Haugaland Vekst IKS:

Yrkessmesse	10 534
Næringssservice	1 440 584
Regionale tjenester	184 966
Europakontoret	65 550
Omdømme Haugesundregionen	50 000
HSA kostnadsfordeling	164 679
Sum	1 916 313

Andre interkommunale tiltak

Destinasjon Haugesund og Haugalandet	150 000
Maritimt forum	10 925
Validé Haugesundsregionen	46 600
sum	207 525

Note 23 Oversikt over forskotteringer gjort inn mot tippemidler m.v.

Over fleire år har Tysvær kommune hatt store forskutteringer på tippemidlar, spesielt i forhold til bygging av Tysvær Arena. Kommunen har pr 31.12.17 4,4 mill. kr uteståande hos Staten og Fylket, herav fylkesmidlar på 3,1 mill. kroner som gjeld Tysvær arena. Tippemidlar for Tysvær arena er ellers innbetalt. Slike midlar som kommunen forskutterer er fondsmidlar, utfordringa generelt ved forskuttering er likviditet.

Note 24 Større fordringer

Pr. 31.12.17 har Tysvær kommune ein fordring på 1 mill. kroner på Aksdal Næringspark A/S som gjeld utbygging av Aksdal Næringspark. Summen er ikkje betalt med bakgrunn i evt. motkrav på ekstrautgifter på grunnforhold for ei tomt i parken.

Bidraget frå Nedstrand IL i samband med utbygging av grasbane er ikkje innbetalt, sum skyldig er 2 mill. kroner. I tillegg er det bokført ein fordring mot Odd Hansen A/s i samband med utbugging av Vestli, sum blir innbetalt i våren 2018.

Note 25 Oversikt ledige tomter

Pr. 31/12-2017 er det 37 (38 i fjor) ledige kommunale tomter for bustaføremål. Desse tomtene er forskuttet av fondsmidlar, og utfrå ein gjennomsnittleg tomteverdi på 400 000 kroner gjer desse tomtene ein verdi på 15,2 mill. kroner. Ledige tomter er i hovudsak på Kallevik (17 stk), Øverland (14 stk), Nypedalen (4 stk) og Bjørnsvik (2 stk). Omlag samme tomter ledige som i 2016.

Note 26 næringsfond

Næringsfondet har hatt tilskotsutgifter på til saman 409 741 kr mot budsjetterte tilskotsutgifter på 420 000 kr. Per 31.12.17 har næringsfondet ein utgåande behaldning på 196 799 kroner av ubrukte midlar frå tidlegare år.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	13/18
Kommunestyret	12.06.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

SELSKAPSKONTROLL – RAPPORT – KARMSUND HAVN IKS

Vedlegg: KPMG sin rapport - mai 2018 - Karmsund Havn IKS (Eige hefte)

Bakgrunn

Karmøy kontrollutval vedtok i møte 29.11.17, sak 49/17 å invitere dei andre eigarkommunane til å delta i eit prosjekt med selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av Karmsund Havn IKS (KH IKS). Prosjektet er gjeve fyrsteprioritet i plan for selskapskontroll i alle dei fem kommunestyla på Haugalandet.

I den overordna analysen blei Karmsund Havn IKS vurdert å ha høgast risiko av selskap Bokn kommune eigar av. Det blei peika på at det er knytte store verdiar til selskapet, og at selskapet har høge låneskyldnader. I tillegg ligg det føre potensiell negativ miljø-påvirkning som kan føre til brudd på forureiningslova.

Alle dei andre fem kontrollutvala har seinare takka ja til å vere med. Kostnadene vil bli fordelt på dei seks kommunane etter eigardel.

Tysvær kontrollutval vedtok å delta og godkjente prosjektplanen i møtet 27.02.18, sak 6/18, kor ramme og tidsplan for revisjonen blei sett. Ramma blei sett til 180 timer, kor Tysvær sin del utgjer 14 timer.

Mandat

Formålet med selskapskontrollen er å undersøke «*i hvilken grad kommunens eierinteresse i selskapet Karmsund Havn blir ivaretatt, og om selskapet har etablert system og rutiner for å sikre at selskapet har en forsvarlig drift og etterlever sentrale regelverk.*»

Problemstillingar

Følgjande problemstillingar har vore undersøkt:

Eierskapskontroll

1. *I hvilken grad følger kommunen opp sine eierinteresser i Karmsund Havn IKS, i samsvar med*

- a. *eierkommunenes eierstrategi for selskapet?*
- b. *krav og normer til godt eierskap?*

2. *Hva er årsaker til eventuell manglende etterlevelse hos kommunen?*

Forvaltningsrevisjon

3. *I hvilken grad har Karmsund Havn IKS etablert system og rutiner som bidrar til å sikre en økonomisk forsvarlig drift av selskapet?*
 - a. *Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjetter?*
 - b. *Gjennomfører selskapet risikovurderinger i forbindelse med større investeringer?*
 - c. *Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjett i større prosjekter?*
 - d. *Har selskapene hatt en økonomisk utvikling i samsvar med uttrykte forventninger fra eierne?*
4. *I hvilken grad har selskapet etablert et system og rutiner for å bidra til å sikre at selskapet etterlever alle lover og regelverk som gjelder for selskapet?*
5. *I hvilken grad har selskapet etablert retningslinjer/rutiner for å anskaffelser og kontraktsoppfølging?*
6. *I hvilken grad har selskapet etablert en prosjekthåndbok eller tilsvarende som regulerer selskapets styring av investeringsprosjekter?*
7. *I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å ivareta systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i samsvar med krav i internkontrollforskriften?*
8. *I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å sikre miljøvern?*
9. *I hvilken grad har selskapet gjennomført ROS-analyse og utarbeidet beredskapsplan i samsvar med beredskapsforskriften?*

Metodar som er nytta er dokumentinnsamling og -analyse og intervjuar, jf. rapporten kap. 1.4. Dei som har vore intervjuar er åtte tilsette ved KH IKS.

Revisjonskriterier for selskapskontrollen er i hovudsak henta frå eigarskapsstrategi for KH IKS, tilrådingane frå KS om eigarstyring, lov om interkommunale selskap, internkontrollforskrifta, forureiningsforskrifta, beredskapslova og god praksis for internkontroll. Utfyllande om revisjonskriteriene er omtalt i vedlegg 2 i rapporten.

Rapporten

Med dette som utgangspunkt har KPMG gjennomført prosjektet. Sekretariatet har gjort ein vurdering at rapporten er av god kvalitet i hht til standardkrava til forvaltnings-revisjonsrapporter (RSK 001), og i samsvar med kontrollutvalet si tinging.

Rapporten gjer eit godt bilete av selskapet si drift og belyser nærare dei ulike problemstillingane. Meir detaljer om selskapet finn ein i kapittel 2. Rapporten er verifisert ved at rapporten er sendt til uttale til selskapet og rådmenn i dei respektive eigarkommunane den 16.04.18 med frist 27.04.18. Uttalen frå hamnedirektøren er innarbeida i rapporten. Det er ikkje kome uttale til rapporten frå eigarkommunane. Endeleg rapport blei oversendt sekretariatet den 04.05.18.

Basert på revisjonen sine observasjonar og vurderingar i forbindelse med selskapskontrollen, tilrår revisjonen at Karmsund Havn IKS iverksette følgjande tiltak:

- 1. Karmsund Havn IKS bør oppdatere sine anskaffelsesrutiner etter gjeldende regelverk i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.**
- 2. Karmsund Havn IKS bør i større grad formalisere og gjøre kjent rutiner for kontraktsoppfølging for å redusere personsårbarhet i sin styring og kontroll med selskapets kontrakter. Herunder:**
 - a) Opprette og holde oppdatert et avtaleregister som gir oversikt over alle selskapets inngåtte avtaler , samt hvem som har roller og ansvar knyttet til den enkelte avtale.**
 - b) Definere roller og ansvar som inngår i kontraktsoppfølging, herunder gjøre skriftlig fungerende praksis for kontraktsoppfølging i dag som selskapet vurderer som hensiktsmessig.**
- 3. Karmsund Havn IKS bør i større grad formalisere sine rutiner og maler for styring i alle faser av investeringsprosjekter.**

Basert på revisjonen sine observasjonar og vurderingar i forbindelse med selskapskontrollen, har revisjonen avdekkja forbetringspunkt i forhold til tre tilrådingar overfor eigarkommunane:

- 1. Anbefalingen «Obligatorisk opplæring av og informasjon av folkevalgte» er delvis innfridd.**
- 2. Anbefalingen «Utarbeidelse av eierskapsmelding» er delvis innfridd.**
- 3. Anbefalingen «Utarbeidelse av etiske retningslinjer» er delvis innfridd.**
- 4.**

Revisjonen skriv i samandraget:

«Identifiserte mangler ved enkeltkommuners eierstyring, sett opp mot KS-anbefalinger, er etter vår vurdering ikke å anse som vesentlige mangler med stor konsekvens for eierstyring av Karmsund Havn IKS. Følgelig er årsaksbildet i liten grad undersøkt».

Der tiltak ikkje er satt i verk tilrår revisjonen at det vert iverksett tiltak for å gjere utbetringar på dei omtala forbetingsområda.

Sekretariatet viser til samandraget i innleiinga og revisor si vurdering i rapporten kapittel 3 og 4. Ut i frå desse vurderingane har revisor i kapittel 5 komme fram til framlegg til dei tiltak som er skreve ovanfor. For meir detaljer visast det til sjølv rapporten.

I følgje revisjonsforskrifta § 8 skal både styret og dagleg leiar gjeve hove til å gje uttrykk for sitt syn på dei forhold som kjem fram i rapporten og deira syn skal også gå fram av rapporten.

Selskapet har hatt rapporten til verifisering og høyring og har gjeve tilbakemelding. Tilbakemeldinga, dagsett 01.05.18, finn ein i rapporten under kapittel 6 – uttale frå KH IKS. Det vert der takka for ein god og lærerik prosess, som dei har opplevd som nyttig for selskapet.

Hamnedirektøren skriv mellom anna:

«De foreslårte forbedringspunktene vil bli en del av Karmsund Havns forbedringsarbeid fremover og blir viktige i den videre utviklingen av selskapet.

Konklusjon

Resultatet etter selskapskontrollen viser at selskapet og eigarane har forbetningspoensiale, i og med at undersøkinga avdekker enkelte svakheiter og forbetningsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir følgt opp av selskapet og kommunen.

Sekretariatet vil vidare tilrå at det vert sett ein frist der kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport/selskapskontroll skal systematisk vert følgt opp for å sikre at selskapet sett i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/svakheiter og kontrollutvalet bør sørge for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert følgt opp. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

I følgje rundskriv H-02/06 skal kontrollutvalet innstille direkte til kommunestyret i forbindelse med handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og selskapskontroller.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. *Tysvær kommunestyre tar KPMG sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Karmsund Hamn IKS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt selskapet v/styret og rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis kommunestyrevedtaket er følt opp innan 12 månader etter kommunestyra sine vedtak.*

Aksdal, 22.05.18

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leder/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	14/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

PERSONVERNLOVA – KONSEKVENSAR FOR KOMMUNEN

Vedlegg: «Nye personvernregler frå 2018- kva betyr det for din verksemd» frå Datatilsynet

Bakgrunn:

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge i 2018. Dato er no sett til 1. juli. Dette vil medføre ei rekke endringar i norsk personvernlovgjeving. Datatilsynet har laga ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan betyr for verksemda. Meir informasjon er å finne i denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Saksorientering:

Sekretariatet har delteke på konferansar/samlingar om personvernlova og ny forordning, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vere fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen. Dette for å forsikre seg om at kommunen er i gang med naudsynte tilpassingar som del av interkontrollen.

Sekretariatet kjem her med framlegg til spørsmål som det kan vere aktuelt å be rådmannen svare på:

1. *Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?*
2. *Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?*
3. *Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?*
4. *Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?*
5. *Er personvernerklæringa oppdatert?*
6. *Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?*
7. *Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?*

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vil be rådmannen svare skriftleg på spørsmåla om arbeidet med ny personvernlov til neste møte 4. september, samt å delta i møtet for å kunne utdjupe svara.

Aksdal, 22.05.18

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekreter

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.18	15/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.05.18

Vedlegg:

13. Kommunestyrevedtak 20.03.18, sak 27/18 – Oppfølging av rapport – «Internkontroll»
14. Komm.vedtak 20.03.18, sak 28/18 – Oppfølg. av rapp. – «Kvalitet på opplæring i skulen»
15. Kommunestyrevedtak 20.03.18, sak 29/18 – Årsmelding2017 - kontrollutvalet
16. Statusrapport pr. mai 2018
17. Status fra KPMG om igangsatt forvaltningsrevisjon «Investeringsprosjekt»
18. Representantskapsmøtet 18.04.18 - Interkommunalt Arkiv Rogland IKS
19. Representantskapsmøtet 20.04.18 - Haugaland Vekst IKS
20. Representantskapsmøtet 23.04.18 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
21. Innkalling til havnerådsmøte 26.04.18 – Karmsund Havn IKS
22. Innkalling til repr.skapsmøte 23.05.18 – Haugaland Interkommuale Miljøverk IKS
23. Innkalling til generalforsamling 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
24. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarer: Tausheitsplikt og lukket møte
25. Kommunal Rapport 07.05.18 – Bernt svarer: Komitémøte kan være fjernmøte
26. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene» – (IM)
27. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene» (IM)
28. NKRF – framlegg til til ny kommunelov bidrar til styrke eigenkontroll

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 13 – 28 blir tatt til orientering.

Aksdal, 22.05.18

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Dato: 07.03.2018
 Saksnr.: 2014/2206
 Løpenr.: 7666/2018
 Arkiv: 217
 Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - INTERNKONTROLL

Haugaland
 Kontrollutvalgssekretariat IKS
 Mottatt dato: 22.03.18
 Journalført: 18/99 Atta
 Arkivkode: 216

Saksnr	Utval	Møtedato
27/18	Kommunestyret	20.03.2018

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport om internkontroll frå 2015 og rådmannen sin tilbakemelding om kommunens internkontrollsystepr. januar 2018 til orientering.

Arvid S. Vallestad
 rådmann

Liv Jorunn Frønsdal
 Leiar politisk sekretariat

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 20.03.2018

Kontrollutvalets sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 20.03.2018

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport om internkontroll frå 2015 og rådmannen sin tilbakemelding om kommunens internkontrollsystepr. januar 2018 til orientering.



OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - KVALITET PÅ OPPLÆRING I SKULEN

Saksnr	Utval	Møtedato
28/18	Kommunestyret	20.03.2018

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulen» frå 2017 og rådmannen sin tilbakemelding om gjennomførte og planlagt tiltak i strategiplanen til orientering.

Arvid S. Vallestad
 rådmann

Liv Jorunn Frønsdal
 Leiar politisk sekretariat

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 20.03.2018

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 20.03.2018

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulen» frå 2017 og rådmannen sin tilbakemelding om gjennomførte og planlagt tiltak i strategiplanen til orientering.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Forskrift for kontrollutval § 12 seier følgjande om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter:

